


KULTURMINNE I HØYANGER





FØREORD

3

Kulturminna våre er viktige kunnskapsberarar som er med på å fortelje oss vår historie. Dei kan og vere identitetsberarar som fortel oss kven vi er og kvar vi kjem frå, og er med på å gi oss identitet og rotfeste. Dei viser utviklingstrekk i vår historie, og kan fungere som eit kikhol inn i fortida. Fortidas kulturminne er med oss i notida og gir oss grunnlaget til å skape framtidens samfunn.

Kulturminneplanen skal vere eit verktøy i kulturminneforvaltninga. Den skal vere eit hjelpemiddel i ein strategi for å prioritere kulturminne. Ei anna viktig side er å kartlegge og formidle kunnskap om våre kulturminne. Dette er starten på ein prosess som på sikt vil gi god oversyn og kunnskap om kulturminna i kommunen, både i forvaltninga og formidlinga av kulturminne.

Kulturminneplanen er i plansystemet til Høyanger kommune, underlagt kommuneplanen sin samfunnsdel, samt arealplanen der ein har bandlagt område etter kulturminnelova. Ein ønskjer også at eit planmessig grep kan vere å sikre allereie freda objekt/område i plan etter plan- og bygningslova

(pbl), samt utforme områdeplanlegging eller legge tematiske omsynssoner der ein ønskjer ei sikra utvikling m.o.t eigenart som arkitektur, bygningsmiljø eller sentrumsstruktur.

Den lokale kulturminneplan gir ikkje noko juridisk vern for kommunal og eller privat eigedom. Men ved at Høyanger kommune vedtek den lokale kulturminneplanen vil dette kunne medføre auka midlar gjennom stønadsordningar og tilgang på rettleiing i bruk og vedlikehald.

Høyanger kommune ønskjer ei god forvaltning av kulturminna i kommunen. Difor må kulturminna settast inn i ein historisk samanheng. Utarbeida historisk bakgrunn er vedlegg til denne lokale kulturminneplan.

God lesing!

Arve Varden
Rådmann

Anita Nordheim
Kultursjef

Den gamle steinbrua markerar grensa mellom Høyanger og Gaular og er ein del av ein gamal ferdselsveg mellom gamle Høyangsfjorden og Viksdalen. Like ved her ser ein i kraftlinjetrassen Fardal-Ørskog.

Kulturminne og kulturmiljø i Høyanger kommune

vedlegg til lokal kulturminneplan, 2016

Framsidede: Fotografert 14 oktober 1917 frå høgde ca 700m (vest for tuen)

INNHALD

Føreord	2
Kulturminne frå eldre tid	6
Bondesamfunnet på bygdene	10
Kraft og industri	26
Samfunnsliv	38
Etterord	51
Litteraturliste, kjelder og rapportar	52

© Høyanger kommune

Historisk bakgrunn til lokal kulturminneplan
KULTURMINNE I HØYANGER

Utgjeve av:
Høyanger kommune

Forfattar:
Gaute Ljotebø

E-post:
postmottak@hoyanger.kommune.no

Layout:
Aril Nikolai Gjelsvik

Kulturminne: Er alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru og tradisjonar til.

Automatisk freda kulturminne: Kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Kulturminne som er automatisk freda er: faste kulturminne frå før 1537, samiske faste kulturminne eldre enn 100 år, ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649 og faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946.

Faste kulturminne: Er kulturminne som er jord- eller stadfaste. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

Lause kulturminne: Er kulturminne som kan flyttast.

Immateriell kulturminne – er praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Er knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar.)

Kulturminne frå eldre tid

Tidsakse

Eldre steinalder: 10000 - 4000 f. Kr
 Yngre steinalder: 4000 - 1800 f. Kr
 Eldre bronsealder: 1800 - 1000 f. Kr
 Yngre bronsealder: 1000 - 500 f. Kr
 Eldre jernalder: 500 f. Kr - 570 (Folkevandringstid 400-570)
 Yngre jernalder: 500 - 1000 (Vikingetid 800-1050)
 Tidlig middelalder: 1050 - 1150
 Høgmiddelalder: 1150 - 1350
 Seinmiddelalderen: 1350 - 1537
 Nyare tid: Tida etter reformasjonen fram til i dag

Automatisk freda kulturminne

1536 var året for reformasjonen, då Danmark-Noreg gjekk frå katolisismen til protestantismen. I norsk kulturminneforvaltning markerer året 1537 kva som er automatisk freda. Alle kulturminne frå før dette året er automatisk freda, skiljet er gjerne omtalt som før- eller etterreformatorisk. Kulturminne frå eldre tid er ofte omtalt som fornminne.



Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune

På Massnesberget ved inngangen til Ikjefjorden, er det gjort fleire funn av reiskapar frå steinalderen. Mellom anna fleire økser.



Gravminne datert til bronsealder - jernalder på Verpekleiva på Åkre



Stein ved kokegroplokalitet ved Fossestølen



Innhegninga som er knytt opp mot ei stølstuft er i dag det mest synlege kulturminne som visast på stølsanlegget i Øvre Breidalen. I innhegninga er det gjort funn som er datert attende til 1200-1300-talet



Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune

Høyang-Bjørn

I skriftlege kjelder frå Island er ein Høyang-Bjørn nemnd, og han er der omtalt som ein mektig herse (hovding eller småkonge) i Sogn. Han levde truleg på 800-talet, og var i følgje kjeldene på Island ein direkte etterkommar etter Bjørn Buna. Bjørn Buna er i den islandske Landnåmsboka omtalt som ein gjæv herse i Noreg, og kom truleg frå Sogn. Historikar P. A. Munck (1810-1863), som i si samtid var den fremste spesialisten på norsk vikingtid- og mellomalderhistorie, har tolka det slik at Høyang-Bjørn har sitt namn etter Høyangsfjorden. På det grunnlag hevdar han at Bjørn Buna og slekta hans heldt til i ytre Sogn i nærleiken av Måren og Kyrkjebø. Dette er det som truleg samla har skapt den lokale myta om Høyang-Bjørn.

Dei første spora

Spørsmål som vi gjerne stiller oss er. Når og kvar kom dei første menneska til staden eg bur? Kva levde dei av? Noko klart og eintydig svar for Høyanger kommune sin del har vi ikkje. Det er gjort for få funn, og det er heller ikkje gjort grundige nok analysar av dei for å gje eit fullgodt svar. Likevel har ein nokre interessante funn som kan sporast attende til sein eldre steinalder for over 6000 år sidan. Dette er funn av steinreiskapar gjort på garden Massnesberget ved innløpet til Ikjefjorden. Dette fortel oss at dette var ein leveleg plass på den tid. Men om det var den første staden det busette seg folk i vår kommune veit vi ikkje sikkert. Kanskje framtidige funn kan gi betre svar.

Eldre funn

I 1954 gav universitetet i Bergen ut ei lita bok med oversikt over førhistoriske minne i Lavik Prestegjeld, som mellom anna omfatta Lavik kommune og Kyrkjebø kommune, forfatta av konservator Per Fett. Her er alle funn av

Hausten 2011 vart det gjennomført arkeologiske utgravingar på Ekrene for å gje plass til Statnett sitt anlegg.

faste- og lause kulturminne som ein kjende til då omtalt. Ein del av dette var gravminner og funn som var gjort på gardane rundt om og som var levert inn til musea. På Massnesberget var det gjort fleire funn frå steinalderen, og dette er førebels det mest omfattande og interessante funnstaden frå denne perioden i Høyanger kommune.

Funna her viser at det nok har vore busetnad på Massnesberget i eldre steinalder i tida før 4000 f. kr. Her er det gjort funn av mange ulike steinreiskapar som strekker seg langt inn i yngre steinalder. Dei første som heldt til på Massnesberget livnærte seg med sanking, jakt og fiske.

Per Fett har i bygdebok for Kyrkjebø band II som kom ut i 1963 skrive ein artikkel, der han søker å sette funna som var gjort fram til då i Kyrkjebø kommune inn i ein historisk samanheng. Der slår han fast at knapt nokon av funna er eldre enn 2000 år f. Kr, det vil sei frå yngre steinalder. Det var få funn frå denne perioden, det same var det frå bronsealder og yngre jernalder. Først når ein kom fram til eldre jernalder og Vikingtid frå rundt 800 e. Kr, vart det meir handfaste spor. Dette biletet har endra seg noko dei seinare år med nye undersøkingar og funn.

Nyare funn

I samband med arkeologiske undersøkingar ved fleire ulike byggeprosjekt dei seinare år er det gjort interessante funn som gir nye bitar til puslespelet til kva dei som budde her levde av. Ved utbygginga av E39 Teigen-Torvund vart det gjort funn etter busetnad på Norevik som fortel at dei levde av jordbruksdrift attende til steinalder i perioden 3300-2400 f. Kr. På Ekrene framme i Dalsdalen i Høyanger vart det i samband med utbygginga av


kraftlina Fardal-Ørskog gjort funn som fortel oss at her var det dyrking av korn heilt attende til overgangen mellom steinalder bronsealder. Det er eitt stolpehol som er tidfesta til 1930-1750 f. kr, etter noko ein meiner har vore eit mindre uthus. Kanskje ei løe, eldhus eller tørkehus for korn eller liknande. Støtta av andre funn gjort på plassen trur ein at området har blitt svidd av for å bli nytta til dyrking av korn. Andre funn i området tyder på at Ekrene var i bruk med åkerbruk fram til rundt 1200-talet. Stadnamnet Ekrene peikar og mot tidlegare dyrking og åkerbruk. I nyare tid har området vore nytta til vår/heimestøl og slåttemark for to av bruka på garden Dale.

Status

For Høyanger kommune sin del er det førebels ikkje gjennomført grundige og samla analysar av dei ulike funna. Difor er eldre tid, frå før 1537, eit lite utforska og beskrive kapittel i historia til kommunen. Ved sida av dei handfaste kulturminna som er funne, har vi og nokre segner som kan ha sitt opphav attende til mellomalder og vikingtid. Det mest interessante i så måte er det om grava til Høyang-Bjørn, som i følgje eit segn låg i området Parken i Høyanger.

Bondesamfunnet og jordbruket

10



Tunet på Gudmundsos slik det såg ut på byrjinga av 1930-talet teikna opp av Johan Lindstrøm.

Fram til 1900 var det jordbruket som var den dominerande næringa, og det var det tradisjonelle bondesamfunnet som rådde. Den største sosiale gruppa var bøndene med sine familiar som dreiv ei gardseining. I den tid måtte ein helst vere mann og kone på eit gardsbruk med ulike arbeidsoppgåver. Til å hjelpe seg i arbeidet hadde dei gjerne tenestefolk, som regel ein av kvart kjønn, dreng (gut) og tenestejente. Dei støste gardane hadde ofte fleire tenestefolk. Elles var borna ei viktig arbeidskraft. Nokre gardar nytta og husmenn som arbeidshjelp.

På gardane var det mange hus til ulike formål. Dei hadde bustadhus, ofte omtalt som stover, her var fjøsar til dyra, gjerne ein til kvar type husdyr som kyr, sauer, geiter, høner, gris og hest. Dei lagra vinterføret i løer. Dei hadde spesialhus til å produsere mat og drikke i som til dømes eldhus og korn-



Tunet på Gudmundsos på byrjinga av 1930-talet. Frå venstre, staburett, buer, stovehus (delvis skjult), sauefjøs, kyrefjøs og løe.

tørke, dei hadde stabbur til å oppbevare maten i, dei nytta smie til lage og vedlikehalde reiskapar og utstyr av jarn. Dei nytta gjerne eit eige uthus til å oppbevare veden i, ofte nemnd som skytje. Desse husa var som regel samla i eit gardstun. Smia og eldhuset var brannfarlege hus, og var difor som regel plasserte i utkanten eller litt vekk frå sjølve tunet.

På mange av gardane var det fleire brukseiningar, desse var ofte samla i eit felles gardstun. I vårt område forma som i eit såkalla klyngetun. I eit slikt gardstun kunne det vere opptil 5-6 gardseiningar samla.

I tillegg hadde dei fleste gardseiningane eit kvernhus i ei elv i nærleiken for å male kornet i. Ved fjorden, eller ved vatnet, hadde dei som regel eit naust til å ha båten i. På stølen hadde dei sel til å bu i, og kanskje ein fjøs



Kvernhuset på Gudmundsøen er sett i stand med støtte i frå SMIL-midlar. Biletet tilvenstre er frå rundt 1980 og viser kvernhuset og den tidlegare eigaren Kristian Gudmundsøs. Dei to andre bileta viser kvernhus og kvernsteinen med tilhøyrande utstyr i 2015.

til dyra. I utmarka sett dei seg gjerne opp med utlør som dei samla fôr i frå utslåttar. Som ein forstår var det mange hus som skulle til på eit gardsbruk i den tid.

Det var ikkje alle som dreiv eige gardsbruk. Husmennene og deira familiar var ei lågare stilt sosial gruppe i det tradisjonelle bondesamfunnet. Husmennene var som regel knytt opp mot eit gardsbruk, og var ofte ei viktig arbeidskraft på bruket, der dei gjerne leigde ein liten flekk med jord. Husmenn med jord hadde og ulike hus til sin drift. Husmannsplassane var gjerne lokalisert i utkanten av gardane i meir marginale områder. Husmannstovene og husa deira var oftast mindre og meir fattigslege.

På 1930-talet vart det i regi av Norsk Folkemuseum gjennomført oppteikning og fotografering av nokre av dei attståande husa og anna infrastruktur frå det gamle bondesamfunnet i den gang Kyrkjebø kommune og Lavik kommune. Noko av dette materialet er attgjeve i Norske bygder. Bind IV. Sogn. (1937). Her har Gisle Midtun skrive ein artikkel om Sognahus. I denne er fleire hus og bygningsmiljø frå Lavik og Kyrkjebø omtalt. Her vert mellom anna tunet til Gudmundsøs på Lavikdalen omtalt som det best bevarte einbølte tunet i Sogn. Her stod det den gang stovehus, båtnaust, stabbur, buer, sauefjøs, kyrrefjøs og løe. I dag står framleis stabburet og

naustet att. Bilete frå dette tunet og andre lokalitetar i frå gamle Lavik og Kyrkjebø kan søkast opp på <https://digitaltmuseum.no>. Spesielt interessant her er nokre husmannsplassar i frå Vadheim.

Rundt 1990 vart det gjennomført ei registrering av bygg og tufter etter hus frå før 1900 i Høyanger kommune i det såkalla SEFRAK-registeret. Objekta vart då registrert, kartfestet, oppmålt og fotografert. SEFRAK-registeret er ei viktig kjelde for lokalhistorie og kan nyttast til å skaffe oss ei oversikt over kva som er av verne- og bevaringsverdige hus og bygningsmiljø frå tida før 1900. Kvaliteten på registreringane kan vere variabel, og tidfestingane er ikkje alltid til å lite på. Det er heller ikkje alle bygg og tufter frå tida før 1900 som er registrert i SEFRAK. For Høyanger kommune sin del er det og registrert hus som er oppført etter 1900.

Mot slutten av 1800-talet byrja ein prosess der ein gjekk frå eit samfunn tufta på sjølvberging og naturhushald og over til meir marknadorientert jordbruk og pengehushald. Dette hadde konsekvensar for husa og gardstukturane. På mange gardar kom det til utskiftingar, som var med på å løyse opp mange av dei gamle fellestuna. Der dei før hadde hatt fellestun, flytte dei fleste av dei einskilde gardeiningane over til eigne tun. Som regel var eit av bruka att i det gamle gardstunet, medan dei andre måtte flytte.



738. PARTI MELLEM SANDENE I SØNDFJORD OG VADEM I SOGN. K. K. B.



Fotografiet er teke i 1872 av Knud Knudsen og viser garden Ytredal med utsikt nedover mot Vadheim.

Dale i Høyanger rundt 1917 etter utskiftinga av innmarka



*Husmannstove på Hovland i Vadheim
på byrjinga av 1930-talet.*

Nokre tok med seg fleire av dei gamle husa og sette dei opp i det nye tunet. Fleire nytta høvet til å bygge nytt og meir moderne. Det var fleire stader vel helst ein blanding av gammalt og nytt som kom opp. På mange bruk vart dei gamle stovene erstatta med større våningshus, der det var plass til alle som budde på gardsbruket med kårfolk og tenestefolk. Dei mindre fjøsane og låvane vart skifte ut med ein større driftsbygning som hadde både løe og fjøsplass til dyra på garden. På dei fleste einbølte gardane med eitt bruk og eitt tun kom det og gradvis til ei modernisering av bygningsmassen. Sjølv om mykje var endra, nytta dei fleste framleis eldhus, skytje og kanskje ei smie, kvernhuset var og framleis i bruk.

Gardstrukturane og mange av husa ein kjenner til i dag på fleire av gardsbruka rundt om i kommunen, kom til i tida frå rundt 1900 fram mot 1950. Fleire av desse husa er framleis i bruk. Dei fleste av dei er moderniserte og gjerne bygd om eller på i ettertid. Etter krigen kom det til eit nytt omskifte med mekanisering av jordbruket, der elektrisitet, traktor og kunstgjødsel kom som nye faktorar og effektiviserte og moderniserte gardsdrifta. Det var ikkje lenger bruk for smie, kvernhus og eldhus i den daglege drifta. Stadig fleire gardsbruk vart lagde ned. Dei som satsa vidare bygde på eller sette seg opp med nye driftsbygningar tilpassa moderne gardsdrift med traktor og silo.

I prosessen vart og dei gamle tradisjonelle reiskapane og verktøyet bytt ut med masseprodusert maskineri og utstyr.

I løpet av 1900-talet har bondesamfunnet og jordbruket vore gjennom ei total og gjennomgripande omstilling. Då ein runda år 1900 var jordbruket i Lavik kommune og Kyrkjebø kommune den klart viktigaste næringa. I dei fleste bygdelaga var jordbruket til langt utpå 1900-talet den viktigaste næringa. I takt med moderniseringa fall stadig fleire gardseiningar frå. Når ein no har komme eit lite stykke inn på 2000-talet er den tidlegare einerådande næringa nærast utradert når det gjeld aktive bønder, men framleis blir det meste av innmarka drifta. Dei aktive bøndene som er att slår hos andre. På det viset er det meste av innmarksarealet framleis i hevd. Sjølv om jordbruket er redusert i talet på bønder, forvaltar næringa store arealområde.



Status i 2015 for tunet på Berge indre 57/1 som består av frå venstre fjøs (eldste del bygd 1907) våningshus (bustadhus, bygd 1909), skytje (vedhus, skjult bakom våningshus), vetleløa/sauefjøs (bygd i 1886 og påbygd i 1946 eller 1947 med ein grise-fjøs) og kombinert eldhus/smie (smie i første høgda og eldhus i andre, er truleg bygd på slutten av 1880-talet). Gardstunet vart etablert i samband med utskiftinga av innmarka på garden i åra 1903-1905. Opphavleg stod her og ei kårstove (der platting no står) som vart riven rundt 1980. Husa i tunet er godt vedlikehaldne. Det har mellom anna vore skifta tak og kledning. Våningshus er modifisert og tilpassa nye tider. Fjosen er utvida og bygd på i fleire omgangar, sist i 1996. Gardsdrifta er no nedlagt.

I Høyanger kommune står det bygningar og anna infrastruktur som representerer alle desse epokane. Frå det tradisjonelle bondesamfunnet frå tida før 1900, via første halvdel på 1900-talet med eit meir mekanisert jordbruk, til dei seinare åra, med eit moderne jordbruk.

Nokre av husa frå tida med det tradisjonelle bondesamfunnet er tekne vare på via museum. På De Heidberske samlinger - Sogn Folkemuseum på Kaurpanger står fleire bygningar med opphav i frå Høyanger kommune. Der er det teke vare på eit stabbur som opphavleg stod på Rå i Lavik. Dette skal ifølgje dei sjølve vere det eldste verdslege huset i Sogn, bygd i 1589. Råstaburet stod opphavleg på Råsholm. Det var bøndene på Lavikdalen som



Steinhytta som vi ser her ligg oppe på Bjørkeåsen over Avedal på Lavikdalen. Dei gamle på Avedal har fortalt at den var nytta av ungane som gjeta dyra når gråbein (ulv) og bjørn var truande. Det er fortalt at dei tende bål ved steinhytta når det var rovdyr i nærleiken. Dette er noko som talar for at steinhytta var nytta som gjetarhytte.

i si tid nytta det, her lagra dei varene som skulle fraktast til og frå Bergen. Dei på Lavikdalen hadde ferdsleveg ned til Rå som låg ved fjorden. Her la dei gamle jektene til. Eldstova frå Fossen i Vadheim hamna og på dei Heiberske samlingane. Hemrebui stod opphavleg på Nordeide på Kyrkjebø. Dette var eit hus med sengeplass som reisande kunne bu i. Over døra står året 1621 innskore.

Frå bondesamfunnet er det fleire kulturminne som kan takast vare på for framtida. Desse fortel oss om levd liv og om bondekulturen som var rådande før industrien og det moderne samfunnet tok over. I den samanheng må vi ikkje gløyme det som har kome til etter år 1900. Dette er hus og infrastruktur som avspeglar ein viktig periode i det lokale samfunnslivet. Dei fleste av desse gardsbruka er no nedlagde. Mykje av bygningsmassen som kom opp i denne perioden står framleis att. Dei fleste våningshusa er framleis i bruk som bustadhus eller fritidsbustad. Medan uthusa og fjøsane står tomme eller har fått nye bruksområde. Etter kvart som tida går vil ein del av dette naturleg nok forvitte og gå tapt. Tida er no moden for å vurdere kva ein kan ta vare på frå denne perioden. Tek ein seg ein runde i kommunen vil ein fleire stader finne gardstun som representerer ulike tidsbolkar, alt etter når gardsbruket vart modernisert og drifta nedlagt. Omstruktureringa innafor jordbruket har og ført til at kulturlandskap har endra karakter.



Selet til Brekke bruk 2 frå Ortnevik på Solrenningane i Ortnevik er restaurert og helde i original stand.

*Bjørketre som er styva
(nytta til lauving)
på indre Dyrdal
på Strendene.*

Kulturlandskap, kulturmiljø og stølar

Jordbruksnæringa hentar ressursane frå naturen og formar den til det som gjerne blir omtalt som jordbruket sitt kulturlandskap. Rundt 1990 vart det gjennomført ei kartlegging kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane i regi av Sogn og Fjordane distriktshøgskule (Høgskulen i Sogn og Fjordane). Denne undersøkinga gjekk i stor grad ut på å finne fram til restane av kulturlandskap forma av det tradisjonelle jordbruket der ein hadde som mål ta vare på noko av dette for ettertid. For Høyanger sin del vart det utarbeid ein eigen rapport der 15 typeområde av ulik karakter vart trekt fram som viktige område. To av desse typeområda; Stølsheimen med stølen Solrenningane, og Strendene (eit område som omfattar gardane frå Dyrdal til Fuglsbø, og som i rapporten er omtalt som Skultestranda) med kulturmarktype bjørkehage, der ein finn eit stort tal med styva bjørketre (tre som har vore nytta til lauving), vart her trekt fram som prioriterte område i Sogn og Fjordane.

Kva er status for desse kulturmarkområda i dag? I tilfellet Strendene (Skultestranda) med styvingstre, så finn ein framleis mange tre som heilt klart har vore styva. I 1990 var dei fleste gardsbruka på Strendene framleis i drift. Der dei på Instevik, Heggnes og Stronda framleis nytta lauv til fôr for dyra, som i hovudsak var geiter og sauer. I 2015 er situasjonen endra ved at all gardsdrift på Strendene, med unntak av i Dyrdal er nedlagd. Dette har sjølvsaugt konsekvensar for skjøtsel av kulturmarkene. Om styvingstre ikkje vert haldne i hevd ved bruk og skjøtsel, vil dei stuva trea sakte men sikkert forsvinne. Eit anna problem er attgroing, der den viltveksande vegetasjon på lang sikt vil overta dei opphavlege dyrka og kultiverte områda. Om styvingstrea forsvinn vil eit viktig lokalt kulturhistorisk element som fortel om bruken av lauvtre som dyrefôr gå tapt.





Ein særskild faktor for det tradisjonelle jordbruket i vårt område var utmarksbruket med beiting, utslåttar og lauving. Her var stølsbruket sjølv fundamentet for husdyrbruket. Husdyra bestod i hovudsak av kyr, geiter og sauer. Desse gjekk på beite i utmarka i sommarhalvåret. Medan husdyra var på beite føregjekk produksjonen av mat som korn og poteter samt vinterfôr for dyra på innmarka. Mjølka dei fekk frå husdyra var hovudproduktet, og kyrne og geitene måtte mjølkast minst to gongar dagleg. For å finne gode beite måtte dei gjerne langt ut, etter kvart så langt at dei sette seg opp med hus, der dei som mjølka overnatta. Dei var no på stølen. Stølsdrifta skapte eit eige kulturmiljø med stølsbus og eit kulturlandskap forma av beiting og vedhogst.

Samla har det i vårt område truleg vore minst 170 lokalitetar der det har vore stølsdrift på. Ikkje alle var i bruk samtidig, men det fortel oss noko om omfanget. Stølsbruket hadde sitt høgdepunkt for Høyanger kommune sin del rundt 1900. I 1907 var 96 % av kyrne i Kyrkjebø kommune på stølen og 66 % i Lavik kommune. Utover 1900-talet gjekk stølsbruket gradvis attende, og nye driftsformer overtok. Ein viktig lokal faktor var at gardbrukarane byrja å levere ferskmjolk til meieri i Høyanger frå 1932. Det store fråfallet kom rundt 1950. Etter 1960 har berre eit fåtal stølar vore i drift. I 2015 er berre ein av dei gamle stølane i bruk, no i form av modernisert stølsdrift. Avviklinga av stølsbruket sette på mange vis sluttstrek for det tradisjonelle jordbruket. Fleirtalet av dei gamle stølbus var alt gamle og til dels forfalne, og dei har ramla saman og rotne vekk. I dag er berre tuftene igjen etter flesteparten av dei opphavlege stølbus. Ein anna vesentleg faktor, serleg for stølane som ligg i skogsområde, er attgroing. Enkelte stølsområde er i dag mest heilt overgrodd av skog.

Mange gamle stølar har fått ny funksjon som område for friluftsliv og rekreasjon, der dei gamle sela fungerer som fritidsbusader. Nokre av sela er framleis i opphavleg stand, medan andre er bygd om og tilpassa det nye formålet som fritidsbusader. Andre stader er sela erstatta med nybygg i form av hytter. Ein liten flik av den gamle stølskulturen lever på den måten vidare gjennom ny bruk. Er ein innom eit originalt og autentisk sel, vil ein få eit glimt av levkåra for stølsjentene som var på stølen. For stølen var først og fremst kvinnene sin arbeidsplass, for vårt område helst dei unge kvinnene. Stølane er i så måte viktige kulturminne og kunnskapsberarar som fortel oss om det gamle tradisjonelle bondesamfunnet, og ligg der som vitnesbyrd om levd liv.

Karthaugane var stølen til ytre Berge og eitt av buska på indre Berge. Stølen er omtalt i skriftlege kjelder i frå 1690, og var den gong omtalt som ein gamal støl. Det var stølsdrift på Karthaugane fram til 1962. Dei siste åra stølen var i drift leverte dei mjolk til meieri ved hjelp ei av taubane som gjekk ned til vegen ved fjorden under stølen. Sela som står at på stølen er bygd i tre med kjellaren mura opp av stein. Denne vart nytta til fjøs. Sjølv om stølsdrifta er nedlagt blir området framleis nytta til beiting. For det meste av kyr, men som ein ser her og av hestar. Beiting er viktig for å halde i hevd det gamle stølskulturlandskapet.





Futegarden der eidsvollsmannen frå 1814 Ole Elias Holck budde var ei naturleg kulisse for den offisielle grunnlovsfeiringa i Høyanger kommune den 29. juni 2014



I ein stadanalyse frå Lavik frå 1998 er det samla kultur- miljøet som og inkluderer kyrkja og prestegarden beskrive slik. «Området vest for ferjekaien, med fjøra og den grøne, frodige sona omkring kyrkja, pregar staden positivt. Som overordna inndeling har staden ei «grøn , mjuk og naturleg» side og ei «grå, hard» og bebygd side.» I 2015 vart den nye ferjekaien teke i bruk. Samtidig med bygginga av kaien var bispestova eit steinkast litt lenger unna under restaurering.

22

Embetsmennene

I det gamle tradisjonelle bondesamfunnet var det embetsmennene med fut, sorenskrivar, prest og offiserar av ulike valørar som lenge var den politiske, sosiale og økonomiske eliten på bygdene. Slik også i det som frå 1807 var Lavik Prestegjeld. Embetsmennene var få, men dei sette likevel tydlege spor etter seg når det gjeld kulturminne. I Lavik Prestegjeld er det utan tvil offiseren og eidsvollsmannen Ole Elias Holck (1774-1842), som har sett djupast spor. Bustaden hans på Alværa i Lavik, den gamle futegarden som han og kona Karen Sofie overtok etter far hennar, futen Simen Hansen, vart vedtaksfreda i 1923. Huset vart opphavleg sett opp som bustad for futen i Bjordal, men det vart flytta til Alværa i 1773.

Futegarden er eigd og nytta som bustad av Bjørn og Margit Landås. Det å vedlikehalde eit freda bygg frå 1700-talet er ei utfordrande og ressurskrevjande oppgåve på mange vis, og noko ein kan få hjelp til. Futegarden har i 2015 fått 1 146 000 kroner i fylkeskommunale midlar frå potten for «Freda kulturminne i privat eige» til rehabilitering og restaurering av den vestre delen av bygget med finstova. Arbeidet er i gang og vil etter planen bli avslutta i 2016. I 2014 kom det ein rapport med registrering av det historiske hageanlegget ved futegarden. Dette arbeidet er viktig om ein i framtida ønskjer å restaurere hageanlegget på futegarden.

På prestegarden i Lavik budde soknepresten. Lavik prestegard vart vedtaksfreda i 1992. Prestegarden har to freda hus og ein hage med store tre som lønn, bøk og blodbøk. Hovudbygningen som intill nyleg har fungert som prestebustad, er sett opp tidlig på 1800-talet, og påbygd i 1874. Den er bygd i tømmer og kledd med supanel. Prestebustaden er eigd av Opplysningsvesenets fond, og står for tida tomt.

I hagen ned mot fjorden står ei treroms sperrestove som er nemnd som Bispestova. I utgangspunktet stod den oppe ved hovudbygningen, men vart i 1935 flytta ned der den står i dag. Opphavet er usikkert, men stova har nok stått ein anna stad før den vart flytta til og oppsett i Lavik. I samband med restaurering fann ein årstalet 1804 innskore i ein bjelke. Kan det ver året stova vart bygd, eller kanskje bygd på? Lavik Prestegjeld vart oppretta i 1807, men det er usikkert når prestegarden vart etablert. Dette er ei forholdsvis stor sperrestove. Bispestova er sett på som eit unik bygg i norsk bygningshistorisk samanheng, og er ei sperrestove med påbygd loft som i si tid var berekna som bustad for embetsfolk.

Lavik Hagelag overtok i 1984 Bispestova og hageanlegget rundt. På ettersommaren 2011 vart det konstatert vesentlege roteskadar som følgje av



Restaurering av Bispestova

utett tak. Det vart straks skipa ei lokal venneforeining for Bispestova. Med hjelp frå fylkeskommunalt hald, kommune og dugnadsinnsats, vart det sett i gang strakstiltak med å sette på platetak for å berge stova. Etter det har det vore gjort mykje anna godt arbeid, og i 2015 er tak og store delar av Bispestova innvendig restaurert. Stova har stort potensiale til bruk i formidling av historie og til andre kulturelle formål.



Status utvendig oktober 2015 der taket er komme på plass

I Lavik er historia til embetsmannsstanden tek vare på ved fredinga av fute-garden på Alværa og prestegarden i Lavik. Desse kulturminna saman med Lavik kyrkje fortel om Lavik sin posisjon som eit viktig administrativt senter i det gamle bondesamfunnet. I Høyanger kommune er det og i Måren eit godt bevart staseleg embetsmannshus. Kapteinsgarden til familien Daee på to etasjar, bygd i 1808.



Naustmiljø på Osland. Nærmast sjøen ligg Saltebua bakanfor ligg jektenaustet og til venstre eit vanleg naust.



Robåten var viktig til både samferdsel og fiske. Denne seksringen som ligg i Saltebua på Osland er bygd i Bjordal av den lokal båtbyggjaren Ola Hanson Sørebø.

Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune

Fiske og sjøbruk

Fiske og sjøbruk var ein naturleg del av livberginga for dei som budde ved fjorden, og fiske til eige bruk var ein del av matauken for mange. For nokre var fiske gjerne og noko meir. I si tid var Fuglsetfjorden rekna for å vere ein særskild god sildefjord i Sogn. På Osland er det ei saltebu med utstyr som vart nytta i sildefisket og anna fiske i fjorden. I bua ligg det ein seksring (robåt) som er bygd i Bjordal av Ola Hanson «Risbakken» Sørebø. I eit jektenaust like ved ligg det ein notebåt som vart nytta i sildefisket bygd av same karen.

For fleire av gardane ved fjorden var laksefisket i periodar ei særskild viktig del av næringsvegen. Laks var rekna for å vere ei luksusvar, og det var gode inntekter å hente i laksefisket. Dei fanga laks som i si vandring innerst i fjorden kom oppunder land i sitjenøter. Slike stader er ofte nemnd som verp. Her sette dei seg etter kvart opp med giljer og kanskje hus til å ha reiskap og is i. I boka *Laks i sikte* (1997) er Galdeverpet ved Ortnevik omtalt som det mest komplette anlegget som den gong stod att ved Sognefjorden. Her var gilje og to hus nytta ved laksefiske. Gilja er no ramla saman, men husa står.

I boka er Åkreverpet på Åkre trekt fram som eit av dei eldste og beste lak-



Gilja og steinhuset på Verpehaugen på Åkre.

severpa i Sogn. Her dreiv dei først laksefiske med utkikk frå eit lite steinhus, som ein reknar med var i bruk frå slutten på 1700-talet. Frå 1880-talet byrja har dei halde utkikk frå ei gilje som vart sett opp like ved. Dei slutta med sitjenotfiske i 1988, og i 1993 tok ein vinterstorm gilja. Ivar Åkre har sett oppatt gilja. På Åkre har dei og restaurert det gamle steinhuset på Verpehaugen, og eit ishus som hørde til. Utover 1900-talet var nedkjøling med is ein metode som kom i bruk. På denne måten vart fersk laks ei verdifull salsvare. Isen ordna dei på Åkre sjølv frå ein stor høl på garden som fraus til på vinteren, isen vart høgda opp og lagra til sommaren og laksesesongen.

Lause kulturminne frå bondesamfunnet

Reiskapar, møblar og verktøy og andre lause kulturminne frå bondesamfunnet fortel og historier, og er viktige kunnskapsberarar frå si samtid. Noko av det som var nytta i det tradisjonelle bondesamfunnet er levert inn på museum. For folk frå Høyanger kommune har det ofte vore naturleg å levere det til De Heidberkse samlinger – Sogn Folkemuseum på Kaupanger. I 1914 fekk museet ei stor gåve frå dottera til Ole Elias Holck, enkefrue Hartwig, på 150 gjenstandar. Gjenstandane er i dag ein viktig del av utstillinga ved museet som er med på å dokumentere den lokale embetsmannskulturen. Men ein finn og gjenstandar på andre museum. Dette kan søkast opp på www.digitaltmuseum.no. Massnes Villmarksmuseum har teke vare på fleire lokale gjenstandar knytt til ulike sider ved bondesamfunnet.


Det er og teke vare på ein god del gjenstandar i privat regi. På enkelte gardsbruk kan ein finne mest alt av verktøy og utstyr som har vore i bruk sidan slutten på 1800-talet, og gjerne endå eldre. Dette er lagra på lør i kjellarar og uthus. Andre nyttar gamle gjenstandar som del av interiøret i heimen.

Erling og Gunlaug Bjordal har teke vare på fleire eldre gjenstandar tilknytt familien. Mellom desse er eit skrin etter oldeforeldra til Erling, Mads Olsen Vollevik og Else Lassedotter Brekke som gifte seg i 1868. Dette skrinet har vore på vandring i familien og landet, og er no komen attende til Bjordal. Dei har og teke vare på nokre interessante skopar. Her er skoa etter far til Gunlaug på Leirnes med tresole og eit par tresko som var på garden. Desse skoa er kvardagsgjenstandar som ein ofte ikkje ser noko stor verdi å ta vare på. Men desse lause kulturminna fortel viktige kvardagshistoriar om levd liv



Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune

Folkeminne, musikk, tradisjonar og levevis



Bondesamfunnet hadde sine tradisjonar og skikkar og eit levande kulturelt liv. Der forteljingar, eventyr, segner, musikk, song og dans var ein viktig del av livet. For gamle Kyrkjebø kommune er noko av dette materialet attgjeve i *Bygdebok for Kyrkjebø og Lavik band III* (1978). Der mellom anna noko av dei segnene som Olav Sande har samla inn er på trykk, Segner frå Kyrkjebø. Her er og, Segner og sogor frå Kyrkjebø, som Anders Skåsheim har samla inn og skrive ned. Her finn ein mellom anna eit lite stykke om bryllaupsskikkar i Vadheim. Skulestyrar Sjur Dale frå Høyanger har i skrive om Høyanger i eldre og nyare tid, der han mellom anna kjem inn på tradisjonar og leveviset i gamle Høyangsfjorden før industrien kom til bygda.

Sverre Søggen har skrive Soga om Vaim, her har han med fleire segner og forteljingar som han har fanga opp og skrive ned.

For gamle Lavik kommune sin del er det lite som er utgjeve av slikt materiale i skrifteleg form. Det står nokre gamle segner og forteljingar i *Ættebok for Lavik* (1983). Sjølv om det det tradisjonelle bondesamfunnet for lengst er historie, lever framleis nokre av dei gamle tradisjonane, segnene og forteljingane att på folkemunne.

Ein frå Avedal og ein frå Raa skulle gå opp grensa mellom Avedal og Raa. Dei avtalte at dei skulle starte turen samtidig, og der dei møttest skulle grensa gå. Han frå Avedal hadde ikkje gått langt før han trefte råingen. Avedalingen vart så sint at han tok livet av den andre, som ikkje hadde avheldt tidspunktet for oppstart av turen.

Aust for Avedal i retning Raa er det to stadnamn som peikar mot denne udåden. Dråpskleiva og Dråpslia.

Stadnamna kan gi oss mykje historie. Dei fortel ofte om korleis det ser ut på staden, og på den måten kan ein tidfeste når til dømes ein gard vart oppteken. Fleire stadnamn fortel oss om tidlegare bruk av området. Andre fortel oss om hendingar, tru og overtru. Stadnamna kan soleis fortelje oss om ulike sider ved det gamle tradisjonelle bondesamfunnet. Nokre stadnamn er av nyare dato. Det innsamla stadnamnmaterialet for Høyanger kommune er publisert på www.fylkestlas.no og www.fylkesarkiv.no.

Det har kome kritikk på at stadnamna nokre stader er feil og ein del er feilplasserte. Sjølv om det førekjem feil er dette samla ei god kjelde for kunnskap. Ei kjelde som må nyttast med ei kjeldekritisk tilnærming.

I bondesamfunnet var det nytta musikk både til kvardag og fest. Dette var i form av songar nytta i ulike høve. Musikk og dans var ofte ein viktig del ved festlege samankomstar, som til dømes ved bryllaup. Ein del av det ein som ein fellesnemnar ofte nemner som folkemusikk er dokumentert med film og lydopptak og eller ved nedteikning av notar og dans. Ein del av dette materialet kan ein søke opp via www.fylkesarkiv.no. Eller ved rådet for folkemusikk og folkedans.

Eidvollmannen Ole Elias Holck var særskrivefær og førte i periodar dagbok, mellom anna er året 1814 beskrive frå hans hand. Lokalhistorisk er Holck sitt; Forsøg til en Beskrivelse over Ladvigs Præstegjæld i Sogn Fogderie, Nordre Bergenhuus Amt, eit særskikt bidrag. Denne er attgjeven *Årbok for Sogn nummer 22* i 1968. Deler av dette materialet er og attgjeve i *Bygdebok for Kyrkjebø og Lavik band III* (1978). Skrivet har blitt til åra 1834-1835. Her kjem han med sine betraktningar av ulike sider ved samfunnslivet, slik han oppfatta det. Dette er ein embetsmanns si beskriving av bondesamfunnet, og ber preg av det. Likevel er det med ei kjeldekritisk tilnærming ei særskikt god kjelde til kunnskap om leveviset lokalt i første halvdel på 1800-talet.



Olav Sande kom frå Sande på Sørsida var sentral i både produksjon og innsamlinga av immaterielle kulturminne frå bondesamfunnet lokalt og regionalt. Han var diktar, folkeminnesamlar og toneskald. Han var og samfunnsengasjert mellom anna som målmann, der han og sette viktige spor etter seg. Som folkeminnesamlar stod han for innsamling av segner og forteljingar frå Sogn. Han budde og hadde sitt virke som lærar på Leikanger. I 1994 vart det sett opp ei minnestøtte av han i tilknytning til tunet der han vaks opp på Sande. I tunet står framleis fleire gamle hus, mellom anna Sandestova, eit gammalt stabbur og ein driftsbygning. Sandestova er slik den står fram i dag hovudsakleg bygd opp rundt 1880, men har utgangspunkt i ei eldre stove. Ein vegg ved inngangspartiet til huset består av tømmer som i følgje lokal tradisjon skal vere frå 1597.

Spelemannen Klaus Sande (1888-1963) var fødd på garden Sande på Sørsida. Då han var 14 år gamal flytte familien over fjorden til Nessane, der han budde resten av livet. I tillegg til å vere spelemann likte han å synge og deklamere dikt. Spesielt dikt etter onkelen Olav Sande. Klaus Sande var rekna for å vere ein av dei beste spelemannen i Sogn, enkelte hevdar endå til den beste. I 2003 vart det gjeve ut ein cd med opptak gjort i 1960 og 1961, der mellom anna fleire av slåttane er etter far hans Lars Sande er med. På biletet ser vi far Lars til venstre saman med sonen Klaus.



Røyrgatene og trallebana til kraftanlegg 1. Trappene er framleis i bruk til rekreasjon.

28



Kraft og industri

Kraftanlegg

Det som har sett mest varige kulturspor i vårt område er vasskraftutbyggingar. Det byrja i 1894 i Vadheim med at det vart sett i drift ein generator for produksjon av elektrisk straum til ein shoddyfabrikk. I 1906 byrja utbygginga av Dyrneslivassdraget. Året etter starta AS Vadheim Elektrochemiske Fabriker med produksjon av natrium-metall på Dyrnesliøyra. Den første kraftkrevjande industrien i Sogn og Fjordane var eit faktum.

Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune

Etter nokre års førebuing var det klart for ei storstila industrireising i Høyanger. 13. november 1915 vart A/S Høyangfaldene, Norsk Aluminium Company skipa, og i februar 1916 kom endeleg utbygginga i gang. Grunnlaget for industriutbygginga var vasskrafta som dei henta frå fjella rundt Høyanger. Industriverksemda vart vidare utvida og utvikla med grunnlag i nye kraftutbyggingar på 1920-, 1930-, 1950-, 1960- og 1970-talet. Med industriadane Vadheim og Høyanger har vasskrafta og den kraftkrevjande industrien vore hovudnæringa og livsgrunnlaget for mykje av busetnaden i Høyanger kommune dei siste hundre åra.

Husstandane, gardane og anna verksemd ville og ha straum. Utbyggingane i Vadheim og Høyanger gav straum til lokalsamfunnet. I tillegg fekk det meste av bygda Kyrkjebø straum frå Høyanger. Dei andre bygdelaga måtte i første omgang ordne seg sjølve. I Ortnevik ordna dei seg med eit mindre vasskraftverk i 1923 for produksjon av straum lokalt til forbruk på gardane og til ein trevarefabrikk på staden. Same året kom det og i drift eit bygdekraftverk i Bjordal. I 1939 kom det i gang eit mindre kraftverk i Mjølsvik for å forsyne garden med straum. I 1953 kom det i gang eit bygdekraftverk i Måren.

Lavik var eigen kommune fram til 1964. På Lavikdalen stod Øvre Svultingen kraftverk klart i 1941 for å gi straum til nordsida av kommunen og kommunane rundt i ytre Sogn og Sunnfjord. På 1960-talet var det kraftutbygging i fjella sør for Bjordal og Ikkjefjord ned mot Matre i nord Hordaland. Utbyggar her var BKK, der formålet i hovudsak var å forsyne Bergensområdet med straum.

Kraftutbyggingane har gjeve oss mange bygg og konstruksjonar i form av dammar, røyrgater, tunnelar, kraftverk og anna infrastruktur. Kraftutbygginga har sett spor etter seg i naturen og har skapt eit eige kulturmiljø og kulturlandskap. For Høyanger sin del vart deler av den eldste delen av Kraftanlegg 1, bygd opp i åra 1916-1922, utfasa i samband med utbyggingane og moderniseringa på 1970 og 1990-talet. Mellom anna var Kraftstasjon 1 (K1) teke ut av drift i 1979. Dei seinare åra har og deler av dei andre kraftanlegga blitt modernisert. Den siste og største vart ferdigstilt i 2014, der mellom anna Kraftstasjon 2 (K2) vart utfasa og erstatta med ein ny kraftstasjon inne i fjellet.

Dei gamle bygdekraftverka i Bjordal, Ortnevik, Mjølsvik og Måren vart etter kvart sette ut av drift, då ein fekk på plass linjenett som knytte bygdene opp mot andre kraftverk. For Ortnevik, Mjølsvik og Bjordal sin del var dette i 1958. Framleis er det spor etter dei gamle bygdekraftverka. Bygningen til kraftstasjonen i Ortnevik står framleis. Ein liten demning på Systølen i Bjor-



Den gamle kraftstasjonen i Bjordal heldt til bygningen midt i bildet.


Det gamle kraftverket i Bjordal

(Harald E. Bjordal sitt dikt om det gamle kraftverket i Bjordal)


Me gamleverket i Bjordal vil minnast med nokre ord,
 det gjorde sin innsats, om ikkje så stor.
 Dynamoen var av den gamle sorten, og turbinen var stempla 1914.
 Regulatoren var ikkje god, so han stod for det meste i ro.
 Det var noko som var sværande leidt, at spenningsdelaren vart so forheit,
 so stundom brende isolasjonen opp, og då vart det ein lenger stopp.
 Då retteleg såg me og kjende, kvar gong dette hende,
 at dei skrøpelege greidene var gode å ha, for so oftast lyste pærene bra.

Men stundom var det forlite vatn, og då var det best å hatt auger som katten.
 Når det regna mykje og elva vart stor, vart rista tetta av lauv og jord.
 Ja, til meir flaum, til minder straum.
 Og då røyra for vatn vart lens, sette dei fleste seg og venta på Jens.
 Når spenningen gjekk ned avdi belastningen vart for stor, tenkte alle på Jens i kor.
 Det var ikkje så fint nett, å renske rista då den var tett.
 I ljosverkelva ofte aure var, som kunne fiskast, eller fangast om ein var snar.
 I storelva kom ikkje auren dammen forbi, so no er ho vorte fisken fri.
 Om dammen no vert riven vekk, so vonar eg me auren atter fekk.
 So no lyt dette ogso gjerast, slik at auren i dalen atter kan ferdast.
 Vassmangel var både synd og skam, so me reiste på fjellet og laga oss dam.
 Og då me det hadde fått, so kunne me ha ljøs om veret var godt.
 No var verket gamalt og mett av daga, til nytte har det vore om mykje me klag.
 Men no vart det vanskeleg å stelle, det ville ofte til å sprake og smelle.
 Då måtte det oftast smerglast av og skjerast imellom kvar einaste stav.
 No kunne det heller snart ikkje lenger køyra, for spruten kom ut både i dammen og røyra.
 I vinter var det so isande kaldt, at vatnet er vorte til is mest alt.
 Det ser ikkje ut til at den vekk vil fara, det er isfjell så store som ved Niagara.
 Han Jens har gått til verket mang ein tur og jobben var vel helst litt sur.
 Ljoset hadde han om natta ståande på, om det på den tid gale skulle gå.
 So med buksa i neven å springe avstad, om det såg ut til at noko ville gå på skad.
 Det var nok mykje plage og sut, so han gjorde vel som ville halde ut.
 For om løna var nokso mager, so passa han børstar og smurde lager.
 Om no gamleverket står, so har det no gått her i over 30 år.
 No kan det berre seljast til korm, so det var på høg tid at sognekraft kom.
 Det er litt vedmodig å tenkje på, at slik skal det gå.





Kraftstasjon 1 med 7 aggregat i drift.



Bilete til førre side: Luke i dammen ved utløpet til Røyrvikvatnet i Dyrneslivassdraget i Vadheim

Den første generatoren som vart sett i drift i Vadheim i 1894 for å produsere straum til shoddyfabrikken er teke vare på av Bergen tekniske fagskule.



Det eine aggregatet er teke vare ved Vasskraftmuseet i den gamle grafstasjonen på verksområdet.



Kraftstasjon 2 med røyrgate, trallebane og trapper.

32

dal er framleis intakt. Det finst fleire foto frå bygginga av kraftverket i Måren på 1950-talet. I dei seinare år har det vakse fram fleire mini-kraftverk i Høyanger. Det gamle kraftverket i Måren vart nedlagt i 1983, og i 2010 stod eit nytt moderne kraftverk klart, utbygd av BKK.

I frå Høyanger kommune finn vi fleire viktige kulturminne frå norsk kraftproduksjon. Den første generatoren frå Vadheim som kom i drift i 1894 er bevart ved Bergen tekniske fagskole. Ein del av dei eldste kraftanlegga som produserte elektrisk straum til den kraftkrevjande industrien i Vadheim og Høyanger er modernisert

I Høyanger har Hydro teke vare på den gamle Kraftstasjon 1 bygningen frå 1916-1917, som vart utfasa i 1979. Mesteparten av bygningen er i dag nytta til anna industriell verksemd, men i deler av bygget ligg Vasskraftmuseet i Høyanger, som vart opna i 1986. Utstillinga i museet viser vasskraftshistoria og kraftutbyggingane frå 1916 og fram til rundt 1980. Den sentrale delen av utstillinga er eit av dei opphavlege aggregata med turbin og generatorar som var å finne i kraftstasjonen. Elles er her mykje utstyr og verkøy frå tida kraftstasjonen var i drift. I tillegg er her ein del bilete, og det vart laga ein eigen biletserie med lyd for framsyning som fortel kraft- og industrihistoria til Høyanger.

I lia over fabrikkjen oppover mot Siplo ligg framleis deler av røyrgatene til

Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune

Øreanlegget, som stod klar i 1917, og Hjetlandsanlegget, som vart sett i drift i 1922. Dette anlegget inkluderer også trallebane og trapper. Kraftstasjon 2 ligg framme i dalen. Denne vart utfasa hausten 2014, etter ei oppgradering og modernisering av kraftanlegga i Eriksdalen, som inkluderte ein ny kraftstasjon inne i fjellet. Første del av kraftstasjon 2 kom i drift i 1938. I første halvdel av 1950-talet var det ny kraftutbygging som inkluderte ei ny røyrgate og utviding av Kraftstasjon 2. Til dette kraftanlegget inkluderer og røyrgater, trallebane og trapper opp mot Nova. I samband med utbyggingane på 1950-talet vart det bygd ein ny Kraftstasjon 3 (K3) med tilhøyrande røyrgate mellom Høgsvatn og Roesvatn i Eriksdalen. Dette er kraftanlegg som i skrivande stund er uavklart kva vil skje med i framtida. Statkraft har signalisert at dei ønskjer å rive dei utfasa kraftanlegga sine i Høyanger. Høyanger kommune har på si side bede Riksantikvaren å vurdere freding av utfasa kraftanlegg i Høyanger. Lokalsamfunnet med Høyanger kommune og Høyanger historielag i spissen ser på dette som viktige kulturminne og ønskjer å ta vare på dei for framtida. Det er ein prosess på dette og Riksantikvaren har gjeve melding om at dei ikkje vil frede kraftanlegga (desember 2015).

Kraftutbyggingane rundt Høyanger fram til rundt 1980 er svært godt dokumenterte med foto frå Høyanger verk (Hydro). Store delar av dette fotomaterialet fram til 1960 er digitalisert av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fotografi herifrå kan søkast opp på (www.fylkesarkiv.no eller www.sjf.kulturnett.no)

I Høyanger kommune finn vi eit stort spekter av kraftanlegg frå ulike tids-epokar. Samla sett viser dei kraftutbyggingar, inkludert oppgradering og modernisering, frå heile perioden frå tida like før 1900 og fram mot våre dagar. Kulturminna frå kraftproduksjonen er viktige for å skape interesse for, og innhente kunnskap og forståing om, vår nære fortid. Dei tekniske og industrielle kulturminna frå kraftproduksjonen er med på å gje innsikt i både det moderne Noreg og Høyanger kommune sin framvekst og utvikling.

Dei gamle røyrgatene, trallebanene og trappene som strekker seg oppover liene er og viktige kunnskaps- og identitetsberar for høyangerverket. Dei viser utverda kva dei lever av. Dei første som kom til staden bygde anlegga, og seinare vart høyangerverket avhengige av dei til produksjon av straum. Dei vart samtidig nytta i fritida til å komme seg til fjells. I dag er dei utfasa, men dei er framleis nytta til trim og rekreasjon. Dei gamle kraftanlegga er framleis i bruk og er soleis levande kulturminne.



Vadheim i 2006 med Vadheim Elektrochemiske Fabrikker A/S nærmast.

Vadheim, samferdselsknutepunkt og industristad

Vadheim utvikla seg i siste halvdel på 1800-talet til å bli den mest sentrale bygda i vårt område. Bygda var eit samferdselsknutepunkt med dampskipsekspedisjon og hovudferdselsveg opp mot Sunnfjord. Det var Sjur Hansen, eller «Sjur i Veim» som han helst gjekk for, som stod i bresjen for den nye tid. I Vadheim dreiv han med landhandel frå midten på 1850-talet, på midten av 1880-talet bygde han hotell. Vadheim var no og ein del av turistruta på Vestlandet.

På 1880-talet kom det og til småindustri i Vadheim. Peder Larsen sette i gang ein shoddyfabrikk (produksjon av attvunne ullmateriale frå opprivne

filler) i Dyrneslia. Dansken J. Jørgensen overtok denne i 1894, og han sette i gang ein generator for produksjon av elektrisk kraft til fabrikk. I 1906 sette skotten Edgard A. Asckroft i gang med kraftutbygging i Dyrneslivassdraget, og året etter, i 1907, kom Vadheim Elektrochemiske Fabrikker A/S i gang med produksjon av natrium-metall. Med dette var den første kraftkrevjande industrien i Sogn og Fjordane starta.

Etter at Sjur Hansen døydd i 1898 tok andre over. Tidleg på 1900-talet var her mykje næringsverksemd med handel, turisme og industri i bygda. Dampskipsekspedisjonen på kaien var lenge knutepunktet. Vadheim var langt ut over på 1900-talet ei bygd i utvikling med ulike næringar som avspeglar seg i hus og aktivitetar. Samtidig var jordbruket framleis viktig for bygda. Dei siste tiåra på 1900-talet endra situasjonen seg. Hotellet brann ned i 1961. Vestlandske Treforedling A/S (VeTreFo), bygde i 1959 ein tremassefabrikk i Vadheim. Fabrikk gjekk konkurs i 1971. Noko av bygningsmassen etter bedrifta står framleis i Kråkevika, og har vore nytta til anna næringsverksemd. Dei siste rutebåtane la til kai i 1988, og mykje av handelen er lagt ned. Ved årsskiftet til 2007 vart produksjonen av natriumsklorat ved Vadheim Elektrochemiske fabrikker lagt ned. Verksemda fortsette vidare med kraftproduksjon for sal.

Bygningsmiljøet i Vadheim speglar dei ulike utbyggingssepokane som har vore sidan midten på 1800-talet. Der ein har landbruksbusetnad, industri, bustader og sentrumsbygg for ulike servicefunksjonar og institusjonar. Staden har ei sentrumsjerne knytt opp mot den gamle kaien med utgangspunkt i båttrafikk på fjorden.



Ein stadanalyse som var gjennomført i 2000 beskriv Vadheim sentrum slik. «Bygningsmassen representerer ulike stilperiodar, men har volum og materialbruk som i hovudtrekk gir sentrumsområdet heilskap og harmoni. I dag er bygningsmassen delvis prega av stagnasjon i næringslivet. Hus står tomme, eller viser ved manglande utvendig vedlikehald at det i dag er overskot på lokale for service-retta næringsverksemd i Vadheim sentrum. Samstundes framstår andre sentrumsbygg som vakre, godt vedlikehalde bygg som vert nytta til ulike verksemdar og til bustadføre mål. Med den tette bygningsstrukturen i sentrum har Vadheim eit potensiale for sentrumsutvikling som er viktig å føre vidare.» Også utanfor sentrum blir ulike bygningsmiljø trekt fram.

I Vadheim sentrum har «Ferdamannen» fått ein sentral plass. Den minner om tida då Vadheim var eit av dei viktigaste trafikknutepunkta i fylket. Nokre av dei gamle næringslokala i sentrum har dei seinare åra fått ny aktivitet, og mellom anna er bygningen nærast kaien nytta til turisme.

Høyanger 14. september 1919, ei avsides
bygd på veg mot å bli ein moderne industri-
stad. Dette er eit av dei første bileta som
Eugen Nordahl-Olsen tok av Høyanger. Han
kom til Høyanger same året, og var tilsett som
teknisk teiknar ved NACo. Fram til rundt 1950
var han og hovudfotografen til den store foto-
samlinga til Høyanger Verk.



Høyanger, den velregulerte industristaden

Før industrien kom i 1916 var Høyanger nemnd som Høyangsfjorden, ei lita bygd med om lag 130 innbyggjarar som i hovudsak livnærte seg av jordbruk. Rundt 1900 såg kapital- og industriinteresser potencialet for vasskraftutbygging i bygda. Det kom til fleire interessentar som vart involvert i oppkjøp og vidaresal av fosserettane fram mot 1911, da alle fallrettane i Høyangsfjorden til slutt vart samla på ei hand, hos konsul Harald Larsen. Han hadde planar om å utnytte vasskrafta til eit elektrostålverk. For å få dette til måtte han ha godkjenning frå myndigheitene. Han søkte om konsesjon i 1914, og etter handsaming i Storting og departement vart det gjeve endeleg konsesjon i 1915.

Larsen klarde ikkje å reise nok kapital, og nye utbyggarar med Sigurd Kloumann i spissen kom inn og tok over prosjektet. Dei hadde andre planar som gjekk ut på å bygge aluminiumsfabrikk. Den 13. november 1915 vart selskapet A/S Høyangfaldene, Norsk Aluminium Company skipa. Den 21. mars 1916, vart det halde eit møte mellom lokale myndigheiter og leiinga i A/S Høyangfaldene Norsk Aluminium Company. På møtet var ei av sakene som var oppe framtidig arealbruk på staden. Det vart slått fast at Høyanger skulle vere namnet på den nye industristaden. Dette møtet la viktige føringer for vidare utvikling av industristaden. Det skulle ikkje berre byggast kraftanlegg og fabrikkanlegg, det måtte og byggast eit byanlegg der arbeidarane på fabrikkene skulle bu og leve.

Utbyggarane NACo hadde ein visjon om å bygge eit harmonisk og velregulert industrisamfunn. For å få dette til leigde dei inn nokre av dei fremste arkitektane i landet. Arkitektfirmaet Morgenstjerne og Eide laga ein reguleringsplan for den nye staden. Morgenstjerne og Eide sin reguleringsplan var klar i 22. mai 1917 i form av eit reguleringskart. Fram til mot slutten av 1950-talet vart Høyanger i all hovudsak utvikla etter denne planen.

Eit bakteppe for utviklinga var dei strenge krava som myndigheitene stilte i konsesjonen for utbygging. Der var verksemda pålagd; «at skaffe arbeiderne sundt og forsvarlig husrom, tomter til bygging av egne hjem med veier, vand, kloak-, og elektrisk lysanlegg, grund til forsamlingslokale, til lokale for kooperativ eller anden handelsvirksomhet og lignende...». Sentrale delar av bustadbygginga i regi av NACo i Høyanger var utbygging av bustadområda Parken og Egne Hjem i sentrum på 1920- og 1930-talet. Egne Hjem var arkitektteikna husvære som var berekna for lågare funksjo-

nærar og arbeidarar ved verket. I Parken var det utleigehusvære, medan Egne Hjem-bustadane vart utbygd etter ei spesiell ordning. NACo eigde tomtene som vart festa bort, og verksemda var med på bygginga og gav økonomisk støtte.

Bydelen med Egne Hjem husvære i sentrum, i området frå Markus Thranesgate og opp mot skulen, vart for det meste utbygd frå midten av 1920-talet og frametter. Byporten vart bygd i 1933 som utleigebustader av NACo. Her var opphavleg åtte arbeidarbustader, fire i kvart hus. Frå 1933 og utover kom det til fleire Egne Hjem hus i sentrumsområdet.

Høyanger vart omtalt som ein hageby. Dette var ein bevist strategi, da NACo ville at byen deira skulle stå fram som vakker. Dei hadde tilsett egne gartnarar, som tok seg av opparbeiding og stell av hage- og parkanlegga som bedrifta eigde. Som namnet tilseier var ikkje Parken berre eit bustadområde. Det vart arrangert konkurransar om kven som hadde dei flottaste hagane blant Egne Hjem eigarane. Hageeigarar i Høyanger fekk tildelt blomster av bedrifta som dei kunne plante ut.

I 1940 var NACo og Høyanger Noregs største aluminiumsprodusent. På same tid var Høyanger frå ulike hald framstilt som landets fremste industristad – ein idealby. NACo sin visjon om å få til eit harmonisk og velregulert industrisamfunn hadde på mange vis kome i mål.

Fodors Guide to Scandinavia frå 1966 går så langt som å kalle Høyanger ein av dei best planlagde og vakreste industribyane i verda. Høyanger var ein stad folk la merke til utanfor landets grenser.)

Mot slutten av 1960-talet kom det til eit skifte på eigarsida til NACo. Der Årdal og Sundal verk (ÅSV) gradvis tok over verksemda frå desember 1966. Først som dotterselskap. Mot slutten av 1969 vart Høyanger verk ein integbert del av konsernet.

Dei eldste fabrikkanlegga var no umoderne. Om Høyanger skulle overleve som produksjonsstad av aluminium måtte det til ei modernisering. På 1970-talet vart det meste av produksjonsanlegga som var bygd før 1955 sanert for å få på plass ein ny og moderne produksjonshall for aluminium, Hall A, som kom i drift i 1981. Seinare vart Hall C, som var bygd opp i to byggsteg første ferdigstilt i 1958 og det andre i 1965, nedlagt og rive i 2006. Slik sett er det ingen autentiske produksjonsanlegg for produksjon av aluminium att frå NACo perioden i Høyanger. Men det fins nokre små flikar igjen av andre fasilitetar frå NACo tida. Eldste delen av gamle Mekanisk verkstad på fabrikkområdet er frå 1916, dette er eit bygg som er ut-

bygd i fleire omgangar opp igjennom åra. I tillegg er laboratoriet bygd i 1939 å finne inne på verksområdet. Etter gamle Hall C står framleis likerettarbyggingen, der første del var klar til bruk i 1958. Det mest interessante og tilgjengelege er nok administrasjonsbygningen, bygd i 1916-17, og bygd på i 1954, som saman med den gamle fabrikkporten med tilhøyrande bygningar frå 1924 er viktige delar av bygningsmiljøet knytt opp mot det freda bygningsmiljøet i Parken.

NACo sørgde og for infrastruktur på byanlegget med til dømes straumforsyning. I den samanheng sette dei opp fleire transformatorstasjonar, eller straumhus. Desse var og i ein vis stil. Fleire av desse står framleis att, men er ombygde. Den som er i mest tilnærma opphavleg stand er den frå 1928 som i dag ligg i Hagegata. Dette er eit viktig teknisk- og industrielt kulturminne for Høyanger, som fortel ei viktig historie om straumforsyninga på staden.

På 1970- og 1980-talet vart deler av det opphavlege regulerte byanlegget som NACo planla og utvikla sanert og erstatta av meir moderne og funksjonelle hus. Viktige bygningsmiljø som Murgården, Villabyen, Folkets Hus og Samvirkekvartalet i det opphavlege byregulerte Høyanger gjekk no tapt. Tidsånda var å få vekk det gamle, og få opp noko moderne – «Nytt og betre må til».

Det «nye» Høyanger frå 1970-talet har etterlete seg viktige funksjonsbygg som samfunnshuset og bankbygget (til den gang Høyanger privatbank) som begge stod klar i 1971. Bygga er teikna av arkitekt Olav Skjerve frå Høyanger, og særleg bankbygget har viktige tidstypiske arkitektoniske verdier.

På 1980-talet kom det inn nye tankar i forvaltning av det gamle bygningsmiljøet. Offentlege myndigheiter med Riksantikvaren i spissen viste no stor interesse for bygningsmiljøet i Høyanger. Riksantikvaren fann at Parken inneheldt både arkitektoniske, landskapsmessige og kulturhistoriske verdier som burde takast vare på. Ein gjekk no inn for bevaring og rehabilitering av Parken. Ein ny praksis i forvaltninga av bygningsmassen kom no inn. Bustadområdet Parken vart utbygd i åra 1916-1928. Murhusa i Kloumanns allè kom opp i 1916-17, der det sentrale bygget er direktørbustaden, der han hadde sine nærmaste medarbeidarar i den lokale leiinga rundt seg. Dei to murhusa i Storgata kom og opp på denne tid. I 1924 vart det bygd 10 nye arbeidarbustader i tre, med fire husvære i kvar eining. I 1928 vart Messa bygd. Eit hus som fungerte som eit samlingslokale og representasjonsbustad for leiinga. På kvar side av dette bygget kom det til ingeniørbustader. Før utbygginga tok til i 1916 stod eit av gardshusa til Øren garden i Parken. Dette var ein stovebygning som vart flytta til Høyanger frå



Parken, gamle fabrikkporten og røyrgate til Kraftanlegg 1.

Underdal i Aurland rundt 1900.

I NACo og ÅSV si tid var Parken eigd av bedrifta, og husværa nytta som utleigebustader. Etter at Hydro overtok i 1986, vart det ei endring på dette, da dei hadde ein anna bustadpolitikk. Dei sette no i gang med sal av husværa sine i byanlegget. Bygningsmiljøet i Parken var sett på som eit heilskapleg bustadmiljø, og trekt fram som eit verneverdig kulturmiljø. 7. desember 1989 overtok Sogn og Fjordane bustadbyggjarlag husa på oppsida av Kloumanns allè, medan Hydro framleis beheldt dei som er på nedsida av Kloumanns allè. 1. november 1993 gjorde Riksantikvaren vedtak om å frede Parken.

I tida NACo og ÅSV eigde fabrikkens var dei og samtidig hovudforvaltar av store deler av byanlegget i Høyanger. Etter at Hydro kom inn har Høyanger kommune ved Plan og utvikling (PBL) overteke forvaltninga av det meste av den historiske bygningsmassen i det byregulerte Høyanger sentrum. I 1999 vart det for Høyanger sin del klar ein stadanalyse, som tok for seg utviklinga av Høyanger frå 1916. Som ein del av analysen vart det og utarbeid ein tettstadfoldar. Denne var meint å fungere som ein byggjerettileiar for huseigarar som ønskjer å pusse opp og/eller bygge på husværa sine.



A. B. Vamråks gate på Sæbø.

Arkitekt Arild Waage beskriv i stadanalysen frå 1999 Høyanger slik; «Høyanger er eit komplett byanlegg med svært høg kulturhistorisk interesse og arkitektonisk kvalitet. Industribyen Høyanger er eit lærestykke i byplanlegging og bygging frå vårt eige hundreår».

Dette er noko som Høyanger kommune ønskjer å ta vare på. Dagens Høyanger sentrum er ein del av eit samla byregulert kulturmiljø, der heilskapen i kulturmiljøet som den opphavlege reguleringsplanen gav, er ein særskild viktig del. Stadanalysen og tettstadfoldaren er retningsgivande sentrumsbyggingen i Høyanger, og er eit viktig verktøy i byutviklinga. Det er enkeltelementa som til slutt skapar heilskapen. Den enkelte huseigar har ansvar for å følgje opp for sin eigendom. Høyanger kommune har eit overordna ansvar for at retningslinene blir følgd. Parken er i dag freda. Det meste av Egne Hjem busetnaden i sentrum er omfatta av omsynssone. Stadanalysen frå 1999 omfattar og større bustadområde, der mellom anna heile Sæbøsidea med. Deler av busetnaden på Sæbøsidea er og del av omsynssona.



Det byregulerte Høyanger anno 21. august 2015

Forvaltninga av Parken er regulert gjennom freding, der Riksantikvaren er ein viktig aktør i forvaltninga av dette bustadområdet. Ein av dei store utfordringane for bygningsmiljøa i sentrum er at husa byrjar å dra på åra. Auka krav til bustandard krev rehabilitering og ombygging av eksisterande husvære. Dei fleste Egne Hjem husa er relativt små i høve til dagens moderne standard. Huseigarane vil gjerne bygge på. I den tid sentrumsområdet vart regulert og oppbygd var det ikkje bilar i Høyanger. Slik sett er husa og det opphavlege gatenettet ikkje berekna for bilbruk. I vår tid vil dei fleste husstandar ha parkeringsplass eller garasje for bil i tilknytning til sin eigendommen. Dette er utfordringar ein må ta omsyn til i samband med forvaltning av den eldre bygningsmassen i sentrum. Den viktigaste føresetnaden for bevaring av det byregulerte kulturmiljøet i Høyanger er at det er levande ved at det bur folk der.



Bilete: Osland Havbruk var på tidleg 60-talet under namnet Osland Ørreoppdrett (seinare Eros Laks) stifta av oppdretts-pioneren Erling Osland

Småindustri og fiskeoppdrett

Det er og har vore nærings- og industriverksemd i andre bygdelag som og har sett viktige spor etter seg. Frå 1920-talet utvikla det seg ei trevareverksemd i Ortnvik. På 1940-talet vart det bygd båtar der. Nokre av bygnin-gane etter den aktiviteten står framleis. Andre stader har det vore mindre verksemdar som har drive ulik næringsverksemd i periodar.

Eit viktig tilskot i lokal næringsverksemda var Erling Osland sitt gründerpro-sjekt. I 1962 starta Erling Osland opp med oppdrett av aure i enkle jord-dammar. Dette var både lokal og nasjonal pionerverksemd. Denne aktiviteten utvikla seg til fiskeoppdrett i stor stil med laks som basis i verk-semda som vi i dag kjenner som Osland Havbruk.



Bygningane etter
båtbyggeriet i
Ortnvik.

Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune

før

etter

Samfunnsliv

Kyrkjene

I det tradisjonelle bondesamfunnet var kyrkjene lenge mest det einaste av det ein i dag kan nemne som offentlege bygg. Kyrkja var ikkje berre eit gudshus, det var og ein viktig sosial møteplass. Fram til 1906 var her to kyrkjestadar, Lavik og Kyrkjebø. For Kyrkjebø sin del tok staden truleg over som kyrkjestad for Austreim ein gong på 1500-talet. Kyrkjene var lenge langt på veg dei einaste felles offentlege møteplassane for folk i sokna Lavik og Kyrkjebø. På kyrkjesøndagen fekk dei ikkje berre med seg preika,

Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune



Noverande Lavik kyrkje vart bygd i 1865. Før det har her stått minst to kyrkjer. Lavik har truleg vore kyrkjestad sidan 1100-talet.

her kom og lysningar og meldingar frå offentlege myndigheiter. Her fekk ein og vite kven som var fødde og døde, og kven som skulle gifte seg. Dette var og dagen for å utveksle nyhende og anna informasjon. Som resultat i ei sterk folketalsauke utover på 1800-talet, vart dei gamle kyrkjene i Lavik og Kyrkjebø for små og skifta ut med nye og større på 1860-talet. I 1865 vart det bygd ny kyrkje i Lavik, medan Kyrkjebø fekk ny i 1869. Fleire i kyrkjelydane hadde lang reiseveg. Dei på sørsida måtte krysse fjorden i robåt for å komme til kyrkje. I Bjordal var dei nok godt nøgde når dei fekk eiga kyrkje i 1906, og slapp den tunge vegen over fjorden. Det same var dei i Ortnevik, der kyrkja kom i 1925. Vadheim fekk bedehus i 1914, og bedehuskapellet vart viksla i 1954. På industristaden Høyanger kom det kyrkje i 1960.

Kyrkjene har ein spesiell status som kulturminne. Alle kyrkjer bygd mellom 1650-1850 har status som listeførte kyrkjer, desse er ikkje freda, men er sett på som verneverdige. Nokre kyrkjer som er sett opp etter 1850 er og listeførte. For Høyanger kommune sin del har Lavik kyrkje (1865), Kyrkjebø kyrkje (1869) og Ortnevik kyrkje (1925) slik status. Listeføringa inneber mellom




Den private gravplassen på Sørevik.

anna att inngrep i eller endringar av kyrkjene skal avklarast med Riksantikvaren. Dei andre kyrkjene i kommunen er registrerte på Kulturminnesøk.

Det er ikkje berre sjølve kyrkjebygga som har kulturhistorisk verdi. Kyrkjene har og kyrkjekunst og inventar som har verdi som kulturminne. For Lavik kyrkje og Kyrkjebø kyrkje sin del strekker noko av kunsten og inventaret seg heilt attende til middelalderen. Dette er gjenstandar som er henta frå dei tidlegare kyrkjene på stadane. Nokre av dei eldste gjenstandane frå desse kyrkjene er å finne på Bergen Museum. Andre gjenstandar er levert inn til og oppbevart på De Heiberske samlinger Sogn Folkemuseum.

Gravplassar med tilhøyrande gravminne er og viktige kulturminne. I kommunen er det fleire gravplassar med interessante gravminne. I den samanheng kan det nemnast at det på Sørevik er ein privat familiegravplass som vart oppretta i 1914.



Gamalt fortøyingspunkt på Klævold.

Samferdsel

Til langt ut på 1900-talet var fjorden den viktigaste ferdsselsåra for samkvem mellom dei fleste bygdelaga i området vårt. Dei som budde langs fjorden hadde som regel tilgang til robåt og naust. Større båtar som sognejekter vart nytta til å føre varer inn og ut frå området. Særleg var dei viktige i frakta av ved til Bergen for sal. Framleis står det att fleire fortøyingspunkt og andre spor frå tida med jektefart. På Osland står det eit jektenaust. På 1880-talet vart det bygd ein kanal frå Østerbøvatnet, slik at jektene kunne komme opp til gardane Sørebo og Østerbo. I siste halvdel av 1800-talet tok dampbåten gradvis over mykje av transporten til Bergen. Vadheim utvikla seg i denne perioden til å bli eit sentralt samferdselsknutepunkt. Seinare vart dampbåtane skifta ut med motorbåtar.

På landegjorda var det frå gamalt av ferdsselsvegar i form av stiar som folk og dyr gjekk langs. Det var stiar mellom bygdelag, fram til gardar, mellom gardar, ut i utmarka, til stølen og til fjells. Det var stadvis vanskeleg å ta seg fram, og ein måtte nokre stader ordna det til med trapper og liknande til-

tak, slik at ein kunne komme fram med hest og kløv. På enkelte strekningar vart det opparbeida ridevegar.

Frå gamalt av gjekk det ein ferdselsveg frå gamle Høyangsfjorden og over til Viksdalen via Steinbrudalen. På grensa der mellom Høyanger og Gaular ligg Steinbrua, som området er kalla opp etter. Like ved den er det ei tuft etter eitt bygg som etter lokal tradisjon i eldre tid har vore nytta som overnatting for viksdølene når dei var over til Sogn og Høyangsfjorden i ulike ærend.

Den viktigaste og mest nytta ferdselsvegen nordover til Sunnfjord var mellom Vadheim og Sande. Ferdselsvegen her er nemnd på 1300-talet. Det var opphavleg ferdselsveg både i Indredalen over Mannebrekke, og gjennom Ytredalen. I 1785 var vegen opp Ytredalen klassifisert som rideveg, og det vart dette året bestemt å lage bru over elva i Ytredalen, noko som peikar mot ei utbetring og oppgradering av vegen. Frå rundt 1800 vart det bygd køyreveg (kjerreveg) på strekninga, og vegen vart etter kvart ein del av «Den trønhjemske postveg». Frå rundt 1830 er den rekna som køyrbar. I 1837 vart vegen klassifisert som hovudveg, og rundt 1850 var han «en av Amtets mest befarne Veie». Frå 1894 vart det bygd ein ny trase med betre



Den gamle steinbrua i Ytredalen frå byrjinga på 1800-talet. Den er del av eit samla kulturmiljø med infrastruktur frå ferdselsvegar frå ulike tidsperiodar.



Pari frå den gamle bygdevegen på Kyrkjebø som var ferdigstilt i 1882 på Kleivane ved Nordeide. Her med utsikt utover Sognefjorden, den gamle ferdselsvegen.

veg. Fram til 1913 vart reisande som skulle nordover til Sunnfjord frakta med hest og vogn, noko som ga viktige inntekter for bøndene. Frå 1913 overtok bilane stadig meir av trafikken. Vegen har seinare fått ny trase tilpassa biltrafikken, og fungerer i dag som stamveg (E-39) for biltrafikken sør nord på Vestlandet.

Etter kvart kom det til køyrevegar (kjerrevegar) i fleire av bygdelaga. I Lavik fekk Ole Elias Holck, som døydd i 1848, bygd ein kjerreveg frå Lavik til garden sin på Alværa. I åra 1877-1882 vart bygdevegen på Kyrkjebø mellom Bergsvika og Klævdal bygd, dette var ein veg som gjekk frå gardstun til gardstun. Etter kvart fekk stadig fleire bygdelaga sine interne vegstubar. Ein tok og no til med å få veg mellom dei ulike bygdelaga. Særleg viktig var det for dei som ikkje kunne nytte fjorden. Vegen mellom Lavik og Lavikdalen kom i gang i 1880, og vart først ferdig til Løland i 1912. Seinare kom det veg opp til øvre Lavikdal. Vegane markerte inngangen til ei ny tid, og samferdsla vart no enklare.

På fjorden kom det og til viktige endringar. Utover på 1920- og 1930-talet overtok motorbåtane for jektene og robåtane i varetransport og persontransport mellom bygdelaga. Etter at meieriet kom i Høyanger i 1932 vart

den daglege mjølkeruta i mange år framover den viktigaste samferdselsåra for dei veglause bygdelaga i kommunen.

På nordsida av fjorden tok vegbygginga til for alvor på 1930-talet. Då vegen mellom Klævold og Vadheim stod klar i 1937 kunne ein køyre bil på strekninga Høyanger og Vadheim, og vidare heilt til Sandane i Nordfjord. I 1960 vart det fast vegsamband mellom Lavik og Vadheim. Lavik vart frå 1955 ferjestad for kryssing av Sognefjorden. Innover fjorden var Høyanger-tunnelen, som opna i 1982, viktig for samferdsla. På Sørsida låg dei noko etter når det gjaldt vegbygging mellom bygdelaga. Den tok ikkje til på alvor før rundt 1970, og først i 1985 vart det samanhengande veg mellom Ortnevik og Ikkjefjord, med veg vidare ut mot ferjestaden Oppedal.

Vegutbygginga har vore særskild viktig for utviklinga av Høyanger. Rundt om i kommunen er det fleire interessante lengre og korte eldre vegstubbar etter vegar og ferdselsvegar som minner om byggeskikk og samferdsla før i tida.

Skulehus



Det gamle skulehuset på Kyrkjebø frå 1867 vart flytta til Instevik i 1913 og nytta som skulehus. Seinare har det vore nytta som barnehage, forsamlingshus og møtelokale.

I det tradisjonelle bondesamfunnet var skulen lenge organisert som omgangsskular, der skulehaldaren for frå gard til gard og heldt skule i stovene. Utover 1800-talet byrja dei med fastskular, der ein nytta eigne faste lokaltetar til skule. I Lavik er den første fastskulen alt nemnd i 1826. Det var ikkje rare skulestova dei hadde å tilby. Den var så lita at det ikkje var plass til meir enn seks elevar om gongen. Men tilhøva betra seg. I 1838 vart det løyvd midlar til eit eige skulehus på prestegarden i Lavik. Kva dette var for noko er ukjent i dag.

I gamle Kyrkjebø kommune vart det i 1867 bygd eit eige skulehus på Kyrkjebø. Dette var den første fastskulen i den kommunen, og det var lenge det einaste. Først i 1893 fekk Bjordal eige skulehus, og vidare fram mot 1920 fekk dei andre skulekrinsane eigne skular. I 1913 vart det gamle skulehuset på Kyrkjebø erstatta med ein ny og større skule. Den gamle skulen frå 1867 vart riven og ført opp att og tatt i bruk som skule i Instevik på Strendene. Fleire av dei gamle skulehusa står framleis. Skulen på Strendene har etter den vart nedlagt fungert som barnehage, forsamlingslokale, og no møtelokale.

På den nye industristaden Høyanger vart det gamle skulehuset frå 1898 fort for lite. I 1923 vart det sett opp ein ny skule med økonomisk bidrag og teikningar frå NACo. Skulen er ein del av det opphavlege byregulerte sentrumsområdet i Høyanger, og til liks med fleire andre bygg på industristaden arkitektteikna. I 1932 kom det første byggesteget opp på eit nytt skulebygg, også dette etter teikningar og bidrag frå NACo. Bygget vart vidare utbygd etter dei opphavlege planane i 1947-48. Begge skulebygga har dei seinare åra vore gjennom betydelege rehabiliteringar både innvendig og utvendig.



Nærmast skulehuset frå 1923 og lengs vekke skulhuset frå 1932.



Bygningsvern på Trondheim

44

Helsestell

«Gamle sjukehuset» i Parken

I det tradisjonelle bondesamfunnet var ikkje det offentlege helsestellet noko serleg. Det var langt til nærmaste lege, og distriktslegane hadde eit stort område dei skulle dekke. Utover 1900-talet betra tilhøva seg gradvis. Ein fekk inn viktige helseinstitusjonar. I 1916 bygde fylkeskommunen opp Lavik Sjukheim, som fungerte som pleieheim for tuberkulosepasientar fram til 1957.

I Høyanger var ein viktig del av konsesjonskrava at NACo skulle syte for helsestell og sjukehus. Dette vart i første omgang ordna mellombels ved at eit attståande gardshus på Øren-garden vart nytta som bedriftssjukehus med 7 senger. Bygget står framleis som del av det freda området Parken. Huset er i dag eigd og nytta av Høyanger Sanitetsforening. I 1934 stod eit nytt og flott sjukehus klart som vart reist med tilskot frå NACo og drifta av Kyrkjebø kommune. Det hadde plass til 40 pasientar då det opna. I 1948 tok fylket over drifta. Sjukehuset vart lagd ned i 1982. Den gamle sjukehusbygningen vart etter kvart overteke av Høyanger kommune og er no total-rehabilitert og inngår i dag som del av eit større kommunalt helse- og omsorgssenter.

22. april 1956 var det offisiell opning av Fylkessjukeheimen Trondheim. Dette

Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune

var ikkje berre ei viktig lokal hending. Det var og opninga av den første psykiatriske klinikken, eller «sinnsjukehus» som det var nemnd som i si samtid, i Sogn og Fjordane. Anlegget var utbygd etter svenske førebilete, dei såkalla «vårdhem». Trondheim skulle vere ein psykiatriske institusjonen bygd på prinsippet om opent psykiatriske behandling. Institusjonen var planlagt for 85 pasientar, og hadde personalbustader. Trondheim vart utvida i 1962-63 med to pasientpaviljongar med 43 senger i kvar, i tillegg kom det fleire personalbustader. Det kom på denne tid og til ein ny driftsbygning og gartneri. I 1967 kom nytt administrasjonsbygg med forsamlingslokale. På 1970-talet hadde pasienttalet vakse til rundt 180 på det meste. I 1980 kom det til eit terapibyg.

Fem av bygningane ved Fylkessjukeheimen Trondheim med hovudbygningen og ein transformatoriosk frå 1956, dei to paviljongane frå 1962-63, og administrasjonsbygg frå 1967, vart verna ved føreskriftsfreding i 2011. Her har ein freda eit kulturmiljø beskrive som ein humanitær institusjon. Fredinga omfattar bygningane sitt utvendige eksteriør og delar av interiør.

Anlegget har stor helsehistorisk verdi som ein av dei første opne psykiatriske institusjonane i landet. Oppbygginga av Fylkessjukeheimen Trondheim på 1950- og 1960-talet representerte på mange måtar ei brytningstid for psykiatrien. Folk byrja å sjå på «sinnsjuke» med andre auge, og haldningane endra seg. Trondheim representerte noko heilt nytt innfor psykiatrisk behandling, og var nok med på endre haldningane og fordommane samfunnet hadde til dei sinnslidande. Dette gjorde og utslag i arkitektueren på Trondheim. Det første bygget frå 1956 har eit sterkt sjukehuspreg, medan paviljongane som kom til i 1962-63, fekk eit meir humant preg. Nye behandlingsmetodar på psykiatriske pasientar medførte andre åtferdsmønstre og

muliggjorde andre arkitektoniske løysingar med mindre bruk av fysiske tvangsmidlar, og meir opne landskapsanlegg utan bruk av gjerde. Bygningane er gjennomført i eit nøkternt formspråk med tidstypisk materialbruk for 1950- og 1960-talet.

I 2015 er Fylkessjukheimen Tronvik drifta av Helse Førde og driv i hovudsak med rusbehandling. Den før omtalte driftsbygningen og gartneriet er begge rivne. Personalbustadane er her framleis, men nokre av dei er selt ut.

Krigsminne

Andre verdskrig 1940-1945 sette fleire fysiske spor etter seg i form av krigsminne i Høyanger kommune. Dei tyske okkupantane bygde fleire forsvarsanlegg. Høyanger med aluminiumsfabrikken var viktig for den tyske krigsindustrien. Etter at fabrikkens vart søkt bomba 9. april 1941 sette dei opp fleire luftvernartilleri og andre tiltak i Høyanger. Restane etter dette er framleis og sjå fleire stader i Høyanger. Under krigen konfiskerte tyskarane fleire hus. I Høyanger var Valhall og Messa i periodar i bruk av dei tyske okkupantane til ulike formål. I Messa heldt det hemelege politiet til Gestapo til, og lokala vart mellom anna nytta til forhøyr og tortur. Her finn ein framleis ein krok i taket der fangar vart hengd opp under tortur.



Denne bunkers ligg like ovanfor bedehuset i Vadheim, og er noko av det som framleis står at av det den tyske okkupasjonsmakta bygde i Vadheim under krigen.

Vadheim var eit viktig trafikknutepunkt, og tyskarane sette også her opp fleire mindre forsvarsanlegg. Her hadde dei og ein mindre fangeleir, som fleire har minne om. På Åkre hadde dei god utsikt over fjorden og luftrommet. Her vart det i 1939 oppretta ein norsk flymeldepost, og dei tyske okkupantane hadde og ein flymeldepost her i frå 1941-1945. Framleis finn ein spor etter ei brakke og nokre stillingar på Åkreneset.

Over fjorden på Klævoldsneset, ved inngangen til Vadheimsfjorden, sette tyskarane opp eit mindre kystfort i 1943 med kanoner som skulle halde kontroll på Sognefjorden. Dette er i dag det mest heilskaplege forsvarsanlegget etter tyskarane som er att i Høyanger kommune.

Den 7. april vart det tyske lasteskipet Oldenburg senka av det britiske flyvåpenet ved kai i Vadheim. Vraket ligg på 23 m på det grunnaste og 70 m på det djupaste. Skipet er rimeleg godt intakt der det ligg på fjordbotnen, og Oldenburg er soleis rekna for å ha stor kunnskapsverdi. I etterkant av senkinga av skipet kom det til luftkampar mellom britiske og tyske jagarar, der to tyske jagarfly vart skotne ned. Det eine styrta på staden som ein i dag nemner for Flysvingen på Sørestrand på Lavikdalen. Sjølv flyet er vekke, og stadnamnet fungerer i dag som eit immaterielt krigsminne om ei dramatisk hending.

Fritidsbustadar

I det tradisjonelle bondesamfunnet var det aldri snakk om ferie og fritid. I den tid var det dei rike og velsituerte som kunne ta seg fri og reise vekk. Mot slutten av 1800-talet kom turisttrafikken i gang i vårt område. Då ein runda år 1900 byrja andre grupper å ordne seg med fritid. Noko av fritida ville ein gjerne bruke vekke frå heimen. Då seinare stortingsmann Lasse Trædal tok over heimegarden i 1891, var noko av det første han gjorde å leige fiske og jaktrettar i området ved Gamlestølen til Østerbø i Ikkjefjord ved Stølsvatnet. Planen hans var å bygge eit hotell der, men det blei det aldri noko av. I staden sette han seg opp ei hytte på staden. Han likte godt å fiske og jakte sjølv, men leigde og hytta ut til vener og forretningsforbindelsar i Bergen. Hytta forsvann under krigen.




Interiør frå steinbua ved Blåvatn.

På industristadane Vadheim og Høyanger hadde arbeidarane og funksjonærane ordna arbeidsforhold som inkluderte nokre feriedagar i året. I helgene, i friperiodar og feriar søkte dei og gjerne familiane ut på turar i nærområdet. Nokre for til fjells, medan andre søkte til fjorden. Det oppstod eit behov for stadar å overnatte. Nokre entusiastiske friluftsfolk frå Høyanger laga seg til med ei steinbu i ei hule i ein steinur ved Blåvatn sørvest for Monsdalsvatnet. Det er noko uklart akkurat når denne vart teken i bruk første gong, men den vart nytta som krypinn lenge før krigen. Den var fast i bruk av fleire familiar til ut på 1960-talet. Etter den tid har den vore sporadisk i bruk heilt fram til i dag av friluftsfolk i ulike ærend, der fiske i Blåvatnet har vore eit viktig mål.

Fagforeiningar, ulike lag og organisasjonar ordna seg med hytter som medlemmene kunne nytte. Arbeidarane sitt idrettslag Falken sette seg opp med hytte på Siplo. Høyanger Idrettsforening (HIF) hadde hytta si på Grimssosen. Den største fagforeininga Høyanger Kjemiske Industriarbeiderforeining sette seg med eigen ferieheim ved fjorden på Fagernes på Norevik.

Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune



Falkenhytta og HIF bakken

Dei bygde og hytter på Byrkjosen på Ullebø. Fleire andre lag og fagforeiningar sette seg opp med hytter i Frivika og på Klævold.

Etter kvart som økonomien for folke flest betra seg utover på 1950- og 1960-talet var det fleire som sette seg opp med eigne hytter. Folk fekk seg bil, og reiseradiusen vart stadig større. Det vart mindre behov for felleshyttene. Falkenhytta er rehabilitert og står framleis. HIF-hytta forsvann i samband

med ny kraftutbygging på slutten av 1970-talet. Kva er status på dei andre? Fagernes er oppgradert med nyare hytter, og har dei seinare år vore drifta som campingplass om sommaren. Furuheimen på Klævold er mellom anna nytta til utleige til utanlandske turistar i sommarhalvåret. Dei andre felleshyttene er no rivne eller i forfall.

Kulturliv og idrett

Mot slutten av 1800-talet var det tradisjonelle bondesamfunnet i endring. Det vaks no rundt om på bygdene gradvis fram eit aktivt kulturliv. Dette hadde på mange vis opphav i den nasjonale reisinga og moderniseringa av samfunnet som var på gang i den tid. Dette var ei tid då kulturlivet kom inn i organiserte former. I området vårt fekk den frilynte ungdomslagsrørsla og skyttarlaga god oppslutnad. Dette var først og fremst tilbod til dei unge på bygdene. I 1885 vart det skipa skyttarlag både i Vadheim og på Kyrkjebø, i 1886 vart Vadheim Ungdomslag skipa, medan Kyrkjebø Ungdomslag kom til i 1889. Etter kvart kom det til skyttarlag og ungdomslag i dei fleste bygdelaga. Når ein kom utover på 1900-talet var ungdomslaga viktige bere-



Ungdomshuset på Lavikdalen og Valhall i Høyanger er døme på viktige samlingspunkt. Husa har mykje felles, men det er og ein del som skil. Valhall frå 1922 er ein del av det planlagde og arkitektutvikla industristaden Høyanger, og har stor verdi av den grunn. Ungdomshuset på Øvre Lavikdal har sitt opphav i tyskarbrakker frå krigen. Der er ikkje det estetiske mest framtreddande. Dette er eit praktisk og nøkternt hus bygd med begrensa midlar. Felles for begge husa er at dei er tufta på dugnad og har stor lokal identitetsverdi.

bjelkar for kulturlivet rundt om i bygdelaga. Både ungdomslaga og skyttarlaga vart ein inkludert del av det moderniserte bondesamfunnet.

Skyttarlaga laga seg til med skytebaner. I første omgang var det med enkle tiltak, der ein la seg på bakken, og skaut mot skiver på ulike hald heilt opp mot hold på 600 m. Etter kvart kom det til meir etablerte skytebaner med infrastruktur som standplassar og grav, og gjerne eit skyttarhus. Det har vore skytebaner fleire stader rundt om i bygdelaga.

Det vart etter kvart mykje aktivitet i ungdomslaga som mellom anna omfatta møteverksemd, song, dans og teater. Dette genererte etter kvart eit behov for eigne lokalitetar. I fleire bygdelag vart det sett opp ungdomshus, som fungerte som samlingslokale i dei ulike bygdelaga. I dag er framleis fleire av desse i aktiv bruk.

Høyanger Ungdomslag vart skipa i 1893, men først då industrien kom til bygda i 1916 kunne endeleg planane om eit eige hus realiserast. Høyanger Ungdomslag sitt ungdomshus Valhall vart innvigd 4. februar 1922. Det vart

bygd etter teikningar frå industriverksemda NACo. I det då nye industrisamfunnet var Valhall i utgangspunktet ungdomslaget og det opphavlege bygdefolket sitt samlingslokale. Men mange funksjonærar ved fabrikk og andre i lokalsamfunnet fann og vegen til Valhall. Her hadde laget mellom anna møteverksemd, teater og leikarring. Lokalet vart og leigd ut til andre, og var eit mykje brukt festlokale til ulike arrangement. I det klassedelte Høyangersamfunnet fungerte Valhall i ein periode som samlingsstad for den borgarlege sida. På andre sida var Folkets Hus arbeidarane si storstove og samlingsstad.

I 1917 vart Høyanger Idrettsforening skipa, dette var i hovudsak funksjonærane og leiinga ved NACo, samt det lokale bygdefolket, sitt idrettslag. Seinare same året vart idrettslaget til arbeidarane, Sportsklubben Falken, skipa. Dette var starten på organisert idrett i vårt område. Idrett som har generert fleire idrettsanlegg. I 1921 fekk Falken og HIF disposisjonsrett til eit jordstykke på Hjetland, og her kom det fotballbane. Den første kampen mellom Falken og HIF 17. mai 1921 enda med 3-2 siger til Falken. Dette var starten på idrettsanlegget ein i dag kjenner som Sletta. På fjellet var

det fleire hoppbakkar, der HIF-bakken var den største. Det var fleire hoppbakkar i Høyanger både på fjellet og nede i bygda. Ingen av desse er i dag i bruk, men framleis er det spor etter nokre av dei.

Vadheim idrettslag vart skipa i 1933. Først etter krigen kom det til idrettslag i dei andre bygdelaga. I 1957 gjekk HIF og Falken saman i IL Høyang. Idrettsaktiviteten har ført til bygging av fleire idrettsanlegg i kommunen. Idretten har og generert mykje utstyr, som i dag kan sjåast på som kulturminne.

Immaterielle kulturminne

Kvardagslivet hadde og sin rytme, der folk levde sine liv i arbeid og fritid. Det gjeld både bonde- og industrisamfunna som begge har vore viktige for Høyanger. Arbeidslivet og kvardagen for folk har vore i stor endring dei siste 100 åra. Mange av dei tradisjonelle arbeidsplassane og arbeidsmetodane har forsvunne, eller blitt totalt omorganisert. Viktige stikkord er her



Erling Bjordal har teke vare på mykje av det gamle snikkarverktøyet etter bestefar sin. Dette har han med seg og stiller ut og fortel om på marknader og liknande rundt om. Her ser vi han i Høyanger i prat med eit par interesserte karar. Med dette er han med på å formidle gamle handverkstradisjonar.

mekanisering og datastyring. Innafor industrien er det meste av dei eldste produksjonsanlegga vekke, det same gjeld mykje av produksjonsutstyret. Men det lever framleis att folk som var med på dette, og som har arbeidsoperasjonane framleis i minne. Dette er viktige immaterielle kulturminne som ein kan ta vare på.

Innafor bondesamfunnet og jordbruksnæringa har det og vore store endringar. Det finst framleis dei som hugsar attende til tida før elektrisiteten, då kvinnene mjølka for hand, og hesten var i bruk på gardane. Det er og skrive om kvardagslivet. Betsy Brekken har skrive om *Kvardagsliv i Ytre Sogn i tida kring 1900-1910* (1989). Gjertrud Grøsvik som vaks opp i Fuglsetfjorden har mellom anna skrive ned minner frå skuletida og stølslivet på 1920- og 1930-talet.

Som ein del av kjeldesinnsamlinga til boka Bluss vart det helde ei samling med veteranar frå Høyanger på Dragsvik i 1987. Her vart det gjort fleire intervju der det vart fortalt om ulike sider ved industristaden, mellom anna om arbeidet på fabrikkene. Dette materialet er transkribert og samla i; *Veteranopphald på Dragsvik Fjordhotell. 1. – 4. 1987*. Utskrift av intervju, kåseri og foredrag.

Ungdomslagsrørsla var viktig for kulturlivet på bygdene. Rørsla hadde sitt utspring i den nasjonale reisinga som vaks fram utover på 1880-talet. Ungdomslagsarbeidet var i vårt område og gjerne knytt opp mot målsaka, kampen for nynorsken. Ein som var sentral i denne rørsla både lokalt og nasjonalt var Olav Sande. Han var ikkje minst aktiv og har sett viktige spor etter seg i både produksjon og innsamlinga av immaterielle kulturminne frå bondesamfunnet. Han kom frå garden Sande på Sørsida, men hadde sitt vaksne virke som lærar på Leikanger. Edvard A. Liljedahl kom frå Vik og var klokke og lærar på Kyrkjebø frå 1867-1891. Han sat på Stortinget i åra 1880-1891, og han var også ein habil diktar. Etter at Liljedahl for frå bygda tok klokke og lærar Andreas B. Vamraak (1861-1936) over som lokal åndshøvding, også han skreiv dikt og små forteljingar.



På Solheimskulten mellom Lavikdalen og Guddalen var det frå 1919 i månadsskiftet juli august arrangert det som var heitande «Kultestemnet». Dette var eit arrangement som vart laga til i samarbeid mellom Lavikdal ungdomslag og Guddal ungdomslag. Her var det ulike innslag på programmet, både alvor og skjemt, med talar, song, prologar, opplesing frå lagsaviser og skodespel. Etterpå var det dans for. Her ser ein deltakarane i 1923.

Vamraak var aktiv på mange område. Mellom anna var han ein pådrivar og inspirator i ungdomslagsarbeidet. Han var nok serleg engasjert i Kyrkjebø ungdomslag. Ein av aktivitetane ungdomslaget dreiv med var handskrivne lagsaviser, der medlemmene skreiv om aktuelle saker i alvor og skjemt. Her vart det skrive dikt og forteljingar av ulike slag. Mest alle ungdomslaga hadde slike aviser. Lagsavisene gir oss eit innblikk i kva som rørte seg av kulturliv og aktivitet blant ungdomen på bygda. Ungdomslagsarbeidet var ein sentral del av det ein i dag vil kalle for bondekulturen som rådde på bygdene frå slutten av 1800-talet og fram mot vår tid. Ungdomslagsarbeidet og anna lagsarbeid har gått i bølger, og har i dag til dels nye former.

På industristadane Vadheim og Høyanger vaks det fram andre typar kulturaktivitetar. Vadheim musikklag vart skipa i 1910. I Høyanger kom Høyanger Mannskor til i 1918 og Fagforenings musikklag i 1923. Her kom det til fleire lag og organisasjonar som samla vart til eit særskilt lag- og organisasjonsliv. Det spesielle med det klassesdelte Høyanger var at idretts- og kulturlivet på fleire området delte seg i ulike miljø. Dette kan lettast symboliserast med HIF, som var idrettslaget til funksjonærene og den bor-

garlege sida i Høyanger, og Falken som var arbeidarane sitt lag. Her var det fleire kulturar som møttest og brynte seg mot kvarandre. På mange vis var det tre kulturar som møttest i Høyanger. Bondekulturen representert med Høyanger ungdomslag var der frå før. Funksjonærene ved fabrikkten tok med seg den borgarlege bykulturen, og desse to fann ofte saman, og danna det som ein kan nemne som det borgarlege miljøet i Høyanger. Dei dreiv idrett i HIF og nytta Valhall som forsamlingslokale. På andre sida var arbeidarane. Arbeidarkulturen hadde sitt utspring i arbeidarrørsle som var i sterk vekst i takt med industrialiseringa av landet. Her var politikk, fagforeining og kulturliv samla. Nokre av arbeidarfamiliene kom frå byar og andre stader med etablert arbeidarkultur, men dei fleste arbeidarane som kom frå distriktet rundt Høyanger hadde nok sin bakgrunn frå bondekulturen. Arbeidarane si storstove var Folkets Hus. Etter kvart fann dei ulike kulturane saman, noko som enklast kan symboliserast med at HIF og Falken gjekk saman i IL Høyang i 1957.

Ein viktig del av kulturlivet i Høyanger har vore teater og revyar. Fleire av ungdomslaga har drive med det. I 1923 vart Høyanger Dramatiske Forein-



Biletet viser skodespelarar i teaterstykket: «Verdens Herkules» som ifølgje Høyang Nytt nr. 14, desember 1952 vart oppført i 1920 på Folkets Hus i Høyanger. Frå venstre byggmester Karl Ludvig Svendsen, bokhaldar Ingolf Wæhle, kjemiingeniør Knudsen, kontorsjef Th. Bjørnstad, postmeister J. Arntzen og hovudbokhaldar Klepestø.

Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune

Ortnevik Ungdomslag vart skipa i 1904, og lagsavisa Solglytt kom til i 1909. Talrike skribentar og redaktørar har forma innhaldet i dei handskrivne bøkene.

Noko av innhaldet er lagt ut på internett og kan søkast opp via www.digitaltmuseum.no. Her er eit utdrag frå 1910 med eit minne frå «jonsokleite sumaren 1906».

Minne.

Det var i jonsokleite sumaren '706, rett i desse store kjenningedagane. Det var leirtdagskveld. Ein slik dag mildt storfegen kveld. Det var eg fast og med et dagsbrev.

Eg var for meg sjøge med dei slappe henderne. Bilete framme i blikket og bergrust til en perle skone med de sa litt du var isvult. Eg hoppa over stek og stem, smag mellom bjørstekje og blangstjerne. Håret fukt og fast, og eg var med blod på henderne, i dei brasse maalerne. Sæmst vada eg til balle i blom og brung, glid so for skinnerne og dikkla reint under i det store grønne havet. Endelig var eg framme til hammen. Hei, berre fire bergblaner var i skyngene. Dei vekte høgt opp i i bergkarta. Summarivinen avstak i det kvite dikkelen. Dei stod der en nikke og nikke, og litt som fliste til meg. «Huden, prøv meg! De gut, vil du minne oss?»

Det var litt som seg selv og fast det, og for bakt i dem. Eg malte fjellryggen med øye, gjekk ut og fram, og prøvde borte her og der. Ofte nei, det var for bratt. Eg smakte meg og milde god. Men der vekte ei lita bjørstekje framme, eit byte og seg tung fast, en sleng til og eg var kommen opp i ei dikkle skan.

Det var fyrst bakt i fast, og klen og klen, sæmst i mase og i det tunge grovst fukt og fast i det lange og rødt, og talis krekten og for alle fire oppgjør, skard og glennet. Sæmst slengde eg armene kring utstamende bergklytt, og kenta meg opp sakte sakte, kvart steg kjende og etter en og kvart fast ferd under fotene. Men eg kjende kanna atvande? Ofte atvande, og borte ikkje sjø med og der, i fast alle opp mot dei kvite nikende blomstærne. Tre ganger var eg litt atvande der, men kunn ikkje lenger for ein utstamende bergklytt. Men framme skulde eg. Med mykje mæde klen og avnem, fukt i ein klenne, og tungen so med i den tinn lala der blanner. Stad. Eg var reint utstamende. Bjørstekje og blatt fasa stekt gjennom avnem. Eg sette meg ned mellom blann munn og saag på dem. Da og da sa fager, det var som eg ikkje hadde kjente riva dem latis, lisset, skardis

skulde og for dem hilt mæde. Eg hadde meg atvande faga og futa. Hei, so godt her var, og sa mæde fager det. Hei høge, stegstekte hamner litt og opp meg, og under meg lög byggi. Eg sat som i faga i latis liti. Det kjende so godt og fukt og bratte gatt. Herfra saag og root fraa yde under av byggi og root til fjær.

Eg sjøen ja, den stille to opp meg, var skilt den som sakte faga, oppgjør sumnerne. Summarivinen strakte kint og litt gjennom dalen. Skilt fred kvite over all naturen. Og over det hele kvite seg den gode liti himlen seg.

So fyllte eg hovedet opp, og dog eit langt litt under andasag. Det seg det slik hilt i fjær. Eg vilde kvite liti nika sitt skan, og latis. Fanta ja, for ofte kunn det ikkje dei beste kanta. Kva gatt en det i dikkle, kva gjer eg? Kva minne det? Hilde eg enden hilt faga, kente eg vel gatt i kente. Fanta ja, kunn mange og mykje er det ikkje, som brung fagersteg? Men kente en det, naar det gjeld latis, og met og sakte. Det kan ein berre slengja med biskronen. Men — — —

Eg var bakt som to perle. Men ikveld var eg ikkje bakt. Ikveld gløymde eg all vante, og kvite kvite.

Eg satte eg seg over fjær og dal. Det var so atvande fager det seg. Gitt at i vart faga land, maa kunn og kunn og kunn, fram sin latis kunn bera Byggd.

For mine tinge dager.

Det er mange mange av riden na og borte kunn gamlestkinner. Hei kunn og eg var det for dem borte. Men var ein fager latis munn gamlestkinner. Men kan so att med faga. Eit illvare stegstekt som ikkje verra kunn kente. Hilde var noka godt noka kunn kente. Men eg so milde latis. Men og og kunn kunn att godt av med det. Hei var ei hilt mæde til gjenta, so kunn, bera over som



Erling «Rimfakse» Øyehaug skreiv
fleire festhelsingar. Her er ein del
av den han teikna og forfatta til sin
svigerfar, Eistein Berge, på han sin
70 års dag.

ing skipa, som helst hadde utspring i det borgarlege miljøet. Både Falken og HIF hadde revyar. Noko som har generert mange tekstar og songar. Både Falken og HIF hadde sine egne songar. Den mest brukte og kjente songen er «Høyangersangen» forfatta av TH Bjørnstad. Den var i si tid første gong framført i samband med revyen «Hurtigruten». Der vart den sluttvisse sunge av byggmester Karl Ludvig Svendsen.

Det har oppigjennom åra vore forfatta og komponert ein del frå ulike hald i Høyanger kommune. Noko av dette er utgjeve i bokform og innspelt. Erling Øyehauge (1906-1964) var arbeidar ved NACo frå 1928, og han var aktivt med i fagforeining og andre lag og organisasjonar. Etter krigen skreiv han dikt og kommentarar i Sogn Folkeblad under merket «Rimfakse». Han var og ein viktig tekstforfattar til amatørrevyane i Høyanger. Øyehaug vart og mykje brukt til å skrive prologar og festhelsingar i ulike samanhengar. Han var og ein habil teiknar, og festhelsingane til åremålsdagar vart og illustrerte. Snefrid Austrheim (1939-2006) var knytt opp til teatergruppa



til Kyrkjebø Ungdomslag som skodespelar, instruktør og forfattar. Ho vart og nytta som kåsør for NRK Sogn og Fjordane. Ein del av det ho har skrive kom ut bokform i regi av Kyrkjebø ungdomslag i 2013. *Snefrid Austrheim. 5934 Kyrkjebø.*

På 1960-talet kom ein ny ungdomskultur og rocken til Høyanger og sette seg fast. På industristaden utvikla det seg eit aktivt musikkmiljø som var langt framme i si samtid. Her var grupper som Leeds LMT og Hit Sounds som spelte over heile fylket, og vel så det. På 1970-talet var Lula Mae ei godt kjent gruppe med utspring frå Høyanger. Utover 1980- og 1990-talet vaks ein ny rocke-generasjon fram. Fleire av desse gruppene som kom til no komponerte og spelte inn eigen musikk. Her var det nok the Tubs som dreiv det lengst med tre cd-utgjevingar i åra 1993-1998.

Det er fleire kreative og aktive kulturarbeidarar som bur eller har bakgrunn frå Høyanger. Ein av desse er Ivar Orvedal frå Måren, som er ein allsidig utøvande kulturarbeidar, mellom anna som poet. Han står og bak Måren-bienalen, som første gong var arrangert i 2003. Han fekk Høyanger kommune sin kulturpris i 2006.



I 1993 nytta King Konkubine ei portrett som Anders Fimreite tok av industriarbeidaren Alfred Olsen som cover på cden «Silverspoon».

Det er viktig å ta vare på kulturuttrykk av ulike karakter for framtida. Dette gjeld både frå nolevande og avdøde aktørar. Frå grupper, lag og organisasjonar.

Fotografi

Fotografiet er eit viktig kulturminne, som og fungerer som eit kikhol inn i fortida. Oppigjennom åra er det teke ei uhorveleg mengde med fotografi frå Høyanger kommune. I denne samanheng er det serleg interessant å sjå på eldre bilete. Vadheim var tidleg ein del av den vestlandske turistruta, noko som var interessant for turistfotografane, som for rundt og tok bilete som igjen vart selde til turistane. Knud Knudsen var ein pioner innafor dette faget, og han hadde truleg sin første tur innom Vadheim i 1872. I frå denne turen er det mellom anna nokre bilete frå Ytredalen. Seinare tok han fleire turar og andre kom etter. Etter kvart har dette generert eit stort tal med foto. Fleire av desse kan ein i dag mellom anna søke opp via ulike nettdatabasar.


Christian Ramsli var ein lokal fotograf som var aktiv i Vadheim rundt 1890. Han tok fleire viktige fotografi som dokumenterer ulike sider ved samfunnet på den tid. Knud Knudsen si fotosamling og nokre av Christian Ramsli sine fotografi kan søkast opp på Universitetsbiblioteket i Bergen si fotosamling via <http://marcus.uib.no>.

Gisle Midtun for på byrjinga av 1930-talet rundt og fotograferte ein del av det som den gang var att av gamle hus og infrastruktur frå det gamle bondesamfunnet. Desse er arkivert på Norsk Folkemuseum og kan søkast opp via på <https://digitaltmuseum.no>. Her finn ein mellom anna foto frå Kyrkjebø, Vadheim, Lavik og Lavikdal.

Framveksten av industristaden Høyanger er særskild godt dokumentert via fotografi. Dette takka vere Høyanger verk sitt fotoarkiv, no eigd av Hydro Høyanger. Ein stor del av negativane frå perioden 1916-1960 er digitalisert av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Desse kan ein finne på nettet via deira nettside www.fylkesarkiv.no eller via www.sfj.kulturnett.no. Her kan ein og finne andre foto fylkesarkivet har skanna og lagt ut frå Høyanger kommune. Samla gir fotografia eit innblikk i ulike sider av samfunnslivet i Høyanger kommune frå rundt 1870 og fram til våre dagar.

Ser ein i forhold til nyare tid, frå 1950-talet og utover, har det vore og er framleis svært dyktige fotografar som har fotografert og dokumentere ulike sider ved samfunnslivet i Høyanger kommune. Skulle ein særskild nemne ein så må det bli Anders Fimreite. Han hadde eit spesielt blikk, som fanga opp mange fine situasjonar og stemningar. På det viset har han fanga ulike sider ved Høyangersamfunnet på 1950- og 1960-talet. Torfinn Fimreite har ordna med at ein stor del av dette materialet er skanna og digitalisert. Han har mellom anna publisert ein god del av dei på Facebook, til glede for andre.

Dette biletet av «fattiglem» Bernt Østensen Fludal (1845-1895) er teke i Vadheim av Cristian Ramsli. Det gir oss eit innblikk sosiale tilhøve mot slutten av 1800-talet.





På Høyanger Industristadmuseum er det teke vare på fleire felgar frå Fundo. Nokre av desse er del av utstillinga. Til høgre her er den siste felgen som var støypt på Fundo 11. februar 2009. Felgen i midten er den første hybridfelgen som vart sveisa i 2007.

Museum

I Høyanger kommune er det tre museum som tek vare på kulturminne og formidlar kulturhistorisk kunnskap. Vasskraftmuseet i Høyanger vart etablert i 1986 i den gamle Kraftstasjon 1. Museet ligg på verksområdet og er eigd og drifta av Hydro Høyanger. Den sentrale delen av utstillinga er eit av dei opphavlege aggregata med turbin og generatorar. Elles er her mykje anna utstyr og verktøy frå tida kraftstasjonen var i drift. Utstillinga elles viser vasskraftutbyggingane i Høyangerfjella frå 1916 og fram til rundt 1980, vist via kart og bilete. I tillegg er her ein del andre gjenstandar og bilete som viser andre sider av industrihistoria i Høyanger. Det er og laga til bileteriar og film knytt til dette museet.

Høyanger Industristadmuseum er eigd og drifta av Høyanger kommune og heldt til i Byporten. Museet vart opna i 1997. Formålet med museet er å ta vare på og formidle industristaden Høyanger si historie. Utstillinga viser

Historiedel til lokal Kulturminneplan for Høyanger kommune



Olav Fridtun i midten, her som guide og formidlar av lokal kulturhistorie på fleire plan. Med sin innsikt og kunnskap om bruk gjenstandar og levevis er han og ein viktig formidlar av immaterielle kulturminne.

korleis Høyanger gjekk frå å vere ei jordbruksbygd tidleg på 1900-talet, til å på få år verte ein travel industristad, og utviklinga vidare fram mot våre dagar. I utstillinga viser ulike sider ved samfunnslivet som fabrikkarbeid, fagrørsliv, kvardagsliv, butilhøve, kulturliv og krig. Historia blir formidla gjennom gjenstandar, tekst, bilete, film og omvising. I tillegg er det fleire gjenstandar på magasin. (<https://industristadmuseet.wordpress.com/>)

Massnes Villmarksmuseum vart opna i 1992. Museet er oppbygd, eigd og drive av Olav Fridtun. Det er villmarka og naturen med dyre- og fuglelivet museet er bygd rundt, men her er og kulturhistoriske utstillingar som har fleire lokale gjenstandar. Mange av dei er autentiske, andre er restaurert, og nokre er laga nye etter mønster av gamle bruksgjenstandar. I tilknytning til museet er det ein natursti som mellom anna omfattar nokre fornminne i form av gravrøyser frå bronsealderen.



Etterord

Det er vanskeleg å dekke heile spekteret og alle sidene med kulturminneforvaltning i eit slikt skriv. Håper likevel at dette gir ei innføring og inspirasjon til vidare arbeid med kulturminne i Høyanger kommune. Dette er starten på ein prosess som på sikt vil gje eit godt oversyn og god kunnskap om kulturminna i kommunen i både forvaltninga og i formidlinga av kunnskap om kulturminne.

For å få til ei god forvaltning av kulturminna er ein avhengig av hjelp frå innbyggjarane/publikum. Det er dei som ofte må finne fram til og komme med kunnskap om kulturminna. Kulturminna betyr noko for dei og lokalsamfunnet. Ein kan sjølv registrere kulturminne på www.kulturminnesok.no. Meiner ein det har ein spesiell historisk verdi kan ein melde det inn for prioritering til kommunen. Har ein til dømes eit eldre hus som ein ønskjer å restaurere, så kan registrering av det som kulturminne vere eit steg på vegen. På andre sida kan ei aktuelle byggsak som omfattar endring eller riving utløyse prioritering av kulturminne.

Arbeidet med kultminne er ein kontinuerlig prosess. Det er ikkje alle kulturminna ein kan ta vare på. Eit alternativ er da å dokumentere dei på anna vis. Aktuelle metodar for dokumentasjon kan vere med bruk av foto og film, ta vare på eventuelle teikningar og skisser, eller innhente munnlege eller nedskrive informasjon og forteljingar om det aktuelle kulturminne. Dette materialet kan ein så arkivere i eit lokalhistorisk arkiv.

Det er utført mykje godt arbeid i formidlinga av kunnskap om kulturminne og kulturmiljø i Høyanger kommune. I ein slik samanheng er det ikkje alltid gjort med utgangspunkt i kulturminna, men der kulturminna gjerne glir inn

som ein naturleg del. Eit godt døme på dette er prosjektet. Kultur, natur og næring i Ortnevik. 2007-2009. Der var målsettinga å synleggjere Ortnevik sin natur og kulturhistorie. Noko av det som kom ut av dette prosjektet var eit turkart og hefte med informasjon om turane og bygda. I heftet *Min tur! Turtips frå Ortnevik og Strendene*, kan ein lese om turveggar, som ofte er gamle ferdsleveggar. Viktige kulturminne i seg sjølv. Fleire av turane går til ein støl, der det står sel som er kulturminne og del av eit kulturmiljø. Ein går gjerne forbi ei utløe, eit anna kulturminne. I heftet finn ein forteljingar om høysanking og lauving og anna arbeid. På siste sida står det at Skjeresengtrollet bur i berget under Vetlekusen. Ein tur i Ortnevik kan vere nyttig for refleksjon og undring på fleire plan.



Mykje av formidlinga av kulturminne er i dag nettbasert via ulike digitale plattformer. Det er vår oppgåve å forsyne desse basane med informasjon formidla via tekst, foto, lyd og film. Tekst og foto er ein velbrukt metode, medan film- og lydopptak er noko som fram til nyleg i stor grad har vore nytta av fagfolk. Men dette er eit medium som dei seinare år har vorte allment tilgjengeleg med relativt høg kvalitet, noko dei fleste mellom anna har tilgang til på via sin mobiltelefon. Datateknologien gir rike moglegheiter i formidling av kulturminne.

Lukke til med kulturminnearbeidet!

Gaute Ljotebø
Historikar

Høyanger, 19. januar 2016



Biletereferansar, illustrasjonar

Høyanger Verk/ Hydro Aluminium Høyanger
35

Norsk Folkemuseum
10, 14

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
49

Høyanger Industristadmuseum
1, 11, 13, 26, 31, 51

Osland Havbruk
39

Anders Fimreite
46, 52

Aril Gjelsvik
40, 44

Gaute Ljotebø
2, 6, 7, 8, 11, 15, 16, 17, 18, 21, 24, 25, 27, 28, 30, 32, 33, 34, 37, 38,
39, 41, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 54

Stig Hovlandsdal Øvreås
16, 43,

Sven-Ove Fossen
42

Liv Sande (eigar av bilete)
27,

Daniel Tynning Moen
47

Jon Mølmesdal
20, 22, 40

UiB, Universitetsbiblioteket
12, 53

Norske Bygder, bind IV. Sogn (bok)
10

Digitalt Museum
29, 50

Randi Kirkebø
52

Lavikdal ungdomslag
49

Massnes Villmarksmuseum
54

Høyanger bygdeboknemnd
31

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
23

Litteraturliste

Aaraas, Margrethe Henden m. fl. 2000. På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane. Sogn. Førde

Austrheim, Snefrid. 2013. Snefrid Austrheim. 5934 Kyrkjebø. Kyrkjebø

Avdem, Anna Jorunn og Engesæter, Aage. 2009. Levd liv. Ei soge om sogningane og museet deira. Sogndal

Brekke, Hjalmar. 2011. Ortnevik skipsbyggeri. I Årbok Høyanger 2011. Høyanger

Brekken, Betsy. 1989. Kvardagsliv i Ytre Sogn i tida kring 1900-1910.

Byrkjeland, Martin. 1991. Bluss. Arbeidarar og fagforeining ved Høyanger Verk 1916-1986. Høyanger

Byrkjeland, Martin og Timberlid, Jan Anders. 2015. Vatnet, verket og byen – bind 1. Bergen

Byrkjeland, Martin og Timberlid, Jan Anders. 2015. Vatnet, verket og byen – bind 2. Bergen

Bøyum, Janne Kristin. 2013. Parken – ein hageby. I Årbok Høyanger 2013. Høyanger

Dale, Sjur. 1951a. Høyanger. Høyangsfjorden i gamal og ny tid. I Høyanger Samvirkelag 30 års beretning. Høyanger

Dale, Sjur. 1951b. Høyangsfjorden vert Høyanger. I Høyanger Samvirkelag 30 års beretning. Høyanger

Egner, Hjørdis. 2003. Høyanger. «Norges idealby». I Arkitektur i Norge. Årbok 2003. Norsk Arkitekturmuseum. s. 92-101. Oslo

Eggum, Terje. 1997. Laks i sikte. Leikanger

Engesæter, Aage. 1979. Høyanger. Utviklinga av industristaden fram til omlag 1945. Sogndal

Ervik, Leif. 1981. Framveksten av industristedet Høyanger. Hovudfagsoppgåve i historie. UiB. Bergen

Ese, Krstin. 2007. På god veg. Veghistorie i Sogn og Fjordane

Fridtun, Olav. 2014. Portrett av Anton J. Østerbø. I Årbok Høyanger 2014. Høyanger

Førde, Einar. 1990. Smeltingen Høyanger. Oslo

Førsund, Adolf og Førsund, Sigurd. 1963. Bygdebok for Kyrkjebø – Band II. Gardsoga. Høyanger

Grøsvik, Gjertrud. 1989. Minne frå skuletida mi 1925-1932. Bjordal

Grøsvik, Gjertrud. 1991. Stølsliv. Bjordal

Hellebø, Olav (Red). 2015. Lavik kyrkje 150 år – med folket gjennom tidene. Lavik

Henden, Katrine. 2011. Høyanger – ein tettstad – fleire kulturar?. I: Årbok Høyanger 2011. Høyanger

Hjetland, Ingvild. 1979. Stadnamn frå Høyanger og Berge. Hovudfagsoppgåve UiB. Bergen

Holck, Ole Elias. 1968. Forsøg til en Beskrivelse over Ladvigs Præstegjæld i Sogn Fogderie, Nordre Bergenhuus Amt. I: Årbok for Sogn nummer 22 1968. Leikanger

Høyheim, Kjell Jarle. 1981. Fagrørsla i Høyanger, 1916-1930. Hovudfagsoppgåve i historie. UiB. Bergen

Kvam, Jørg. 2015. Høyanger - makter og menneske. Leikanger

Leirnes, Leif. (red) 1978. Bygdebok for Kyrkjebø og Lavik – Band III Bygdesoga. Høyanger

Ljøtebø, Gaute (red). 2014. Frå Holck til Heggø. Det norske demokratiet 1814-2014 sett frå Høyanger. Høyanger

Ljøtebø, Gaute. 2008. Høyanger i endring – ein industristad si utvikling sett gjennom fotografiet. Masteroppgåve i historie ved UiB. Bergen

Ljotebø, Gaute. 2011. Skyttarlag på Kyrkjebø. I: Årbok Høyanger 2011. Høyanger

Ljotebø, Gaute. 2011. Veg til Sørestrand. I: Årbok Høyanger 2011. Høyanger

Ljotebø, Gaute. 2012. Gamle Sæbøtangen. I: Årbok Høyanger 2012. Høyanger

Ljotebø, Gaute. 2012. Stølar og stølsliv i Høyanger kommune. Strevsamt og fritt. Høyanger

Løland, Oddvar. 2012. Bispestova i Lavik. I: Årbok Høyanger 2012. Høyanger

Midtun, Gisle. 1937. Sognahus. I: Norske bygder. Bind IV. Sogn. Bergen

Munch, P. A. 1941 (1852). Det norske folks historie. I. Oslo

Myren, Olav. 1998. Ikjefjord-bygda. Ikjefjord

Måren, Bjarne. 1997. Ord og uttrykk frå Måren i Sogn. Måren

Nielsen, Mona. 1984. «Med hjem skal landet bygges». Egne Hjem og ha-gebybevegelsen i Norge. Utdrag fra boligsakens historie. Hovedfagsoppgave i kunsthistorie ved UiB. Bergen

Nilsen, Halkild. 1953. Skolestell og folkeopplysingsarbeid i Bygdene i Bergens stift 1800-1850. Oslo

Olsen, Ingvald. 1995. Innføringa av elektrisiteten i Kyrkjebø kommune 1921-1964. Hovedfagsoppgave i historie ved UiO. Oslo

Sagen, Asbjørn. 1996. A/S Vadheim Elektrochemiske Fabriker. I Årbok for Sogn 1996. Sogndal

Sagen, Åge. 2010. Vadheim musikklag 100 år 4. november 2010. Vadheim
Solem, Arne (red). 1954. Norske kraftverker. Oslo

Solheim, Randi. 2006. Språket i smeltegyta. Sosiolingvistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet Høyanger.

Solheim, Randi. 2010. Sosial smelting – språklege legeringar. Om tale-målsutvikling i industrisamfunnet Høyanger.

Timberlid, Jan Anders. 1985. Høyanger ungdomslag 1896-1983. Eit bygde-Noreg på industristaden. Høyanger

Timberlid, Jan Anders. 2002. «Utmarksbruket grunnlaget for norsk jordbruk». Bruken av utmarka til fôr og beite i eldre tider. I: Årbok for Sogn nr. 48 2002. Kaupanger

Torvund, Anders. 1983. Ættebok for Lavik. Høyanger

Trædal, Lasse, red. 1982. Trædals-slekta. Lofthus

Trædal, Svein, red. 1995. Trædals-slekta – i tekst og bilde. Bergen

Trædal, Finn og Ljotebø, Gaute. 2013. Etableringa av Fylkesjukeheimen Tronvik. «Ikke asyl, men karakterskapande heim. I: Årbok Høyanger 2013. Høyanger

Øvreås, Stig Hovlandsdal. 2013. Jakten på det sølvblanke gullet. Historien om Osland Havbruk. Høyanger

Kjelder og rapportar

Austad, Ingvild m. fl. 1993. Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane . Prioriterte område. Sogndal/Hermansverk

Fett, Per. 1954. Førhistoriske minne i Sogn 10. Lavik Prestegjeld. UiB. Bergen

Fimreite, Gyril. 2014. Alværa futegard. Hageanlegg frå 1700-talet.

Fylkesarkivet. 1991. Høyanger kommune. 13000 stadnamn. Hermannsverk

Gjesdal kommune. 2012. Kulturminneplan for Gjesdal kommune 2012-2020. Gjesdal

Gundersen, Ingar M., red. 2010. Arkeologiske registreringar i samband med 420 kv kraftlinje «Ørskog – Fardal». Førde. (<http://issuu.com/mediebruket/docs/nettversjon>)

Hauge, Leif m. fl. 1991. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Høyanger kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern: Rapport nr. 16. Sogndal

Høyanger kommune. 1989 (1985). Kulturplan 1985-1996. Høyanger

Høyanger kommune. 1998. Stadanalyse for Lavik.

Høyanger kommune. 1999. Stadanalyse av: Høyanger tettstad – fortetting av bustadområda i sentrum. Høyanger spesial. Nr 1. 99. Høyanger

Høyanger kommune. 1999. Tettstadfoldar – rettleiar for ombygging/vedlikehald av eksisterande hus innan 5 ulike homogene soner i Høyanger sentrum. Høyanger spesial. Nr 2. 99. Høyanger

Høyanger kommune. 2000. Vadheim. Stadanalyse som grunnlag for kommunedelplan.

KINK. 2006. Kulturminner i norsk kraftproduksjon – en evaluering av bevaringsverdige kraftverk. Oslo

Lofthus, Tove. 2009. Prosjektrapport: Kultur, natur og næring i Ortnevik.

Riksantikvaren. 2011. Vedlegg 34. Psykiatrisk klinikk avd. Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer. Kapittel 2 Fredete eiendommer i Helse- og omsorgsdepartementets landsverneplan.

Riksantikvaren. Kulturminner i kommunen. Håndbok for lokal registrering. Oslo

Riksantikvaren. Kulturminner i kommunen. Veileder kulturminneplan. Oslo

Samnanger kommune. 2013. Kommunedelplan for kulturminne 2012 – 2020. Samnanger

Skien kommune. 2013. Avtrykk av Skien. Kommunedelplan for kulturminnevern 2013–2024. Skien

Statens vegvesen. 2015. E39 Bogstunnelen - Gaular grense. Konsekvensutgreiing: Delrapport kulturminne Høyanger kommune. Leikanger

Timberlid, Jan Anders. 1988. Driftsendringar i jordbruket som årsak til forsurning av norske vassdrag? Ein samanliknande studie av utmarksbruket på Vest- og Sørlandet i perioden 1850–1980. Økoforsk rapport 1988:14. Ås

Veteranopphald på Dragsvik Fjordhotell. 1. – 4. 1987. Utskrift av intervju, kåseri og foredrag.

Vindafjord kommune. 2015. Kommunedelplan for kulturminne og miljø.

Åstveit, Leif Inge m. fl. 2013. Arkeologiske undersøkelser av jordbruksbosetning med kokegroper, ardspar, dyrkingslag og kullgroper. (Ekreng gnr. 62/3-4, Høyanger kommune) Bergen Museum. UiB. Bergen

Åstveit, Leif Inge. 2009. Rapport for kulturhistorisk registrering: Østerbø/Randalen. Bergen Museum. UiB. Bergen